(4) Misjonærinstruksen ga detaljerte anvisninger om valg av en *tilsynsmann* blant misjonærkonferansens medlemmer. Tilsynsmannen måtte være en ordinert prest. Tilsynsmannen var NMS sin offisielle representant på misjonsfeltet, og også mellomleddet mellom konferansen og hovedstyret. Han fungerte som en daglig leder for feltet, med ansvar for å iverksette konferansens bestemmelser, men også hovedstyrets beslutninger. Videre skulle tilsynsmannen minst hvert tredje år visitere misjonsstasjoner og institusjoner, samt føre tilsyn med misjonærenes liv og arbeid. Tilsynsmannen var demokratisk valgt blant kolleger for en fem-års periode, men også dette valget måtte godkjennes av hovedstyret. Valg av tilsynsmann var hemmelig for konferansens medlemmer, men ikke for hovedstyret. Hver konferansedeltaker skulle fylle ut to stemmesedler. Den ene ble lagt i valgurnen på konferansen og var uten signatur, mens den andre ble signert og sendes til hovedstyret. Ved stemmelikhet måtte nytt valg gjennomføres. Ved fortsatt stemmelikhet, ble valget avgjort av hovedstyret. I praksis hadde altså hovedstyret innsyn i misjonærenes stemmegivning og dermed full kontroll over partidannelser og tillitsforhold misjonærkollegene imellom. Tilsynsmannsrollen var en krevende mellomleder posisjon. En var valgt av kolleger og «likemenn» for å være deres representant i forhold til NMS-ledelsen i Stavanger, men også i forhold til lokale myndigheter i landet en arbeidet i. På samme tid skulle en være leder og føre tilsyn over kollegers yrkesutøvelse, og en skulle på vegne av hovedstyret iverksette bestemmelser fattet i Stavanger.

46 Stemmeretten ved misjonærkonferansen var på 1800-tallet forbeholdt mannlige misjonærer, men etter 1904 fikk også ugifte kvinnelige misjonærer stemmerett. Først i 1976 fikk gifte kvinnelige misjonærer stemmerett ved misjonærkonferansene i NMS. Misjonsinstruksens § 18 hadde likevel en passus om at hovedstyret «under spesielle forhold» og etter oppfordring fra misjonærkonferansen, kunne la gifte kvinnelige misjonærer få stemmerett. I Kina hadde for eksempel legemisjonær Ragnhild Gotteberg, direktør for sykehuset i Changsha, stemmerett.

(5) Misjonærinstruksen gir detaljerte anvisninger om hver misjonsprestets rapporteringsplikt. Det skal føres «bestemte bøker over de geistlige embetsforretninger», men også regnskapsbøker og dagbok. Bøkene skal til enhver tid være a jour, de regnes som misjonens eiendom og skal kunne fremvises tilsynsmannen. På dette grunnlag skal misjonspresten føre årlig statistikk og årsberetning, som innsendes tilsynsmannen, og som videre ekspederer til misjonærkonferansen og hovedstyret. Misjonspresten er også forpliktet til å sende hjem «trek fra livet og arbeidet» som man tenker kan være av interesse for «misjonsvennene» og «tjene til å fremme misjonsinteressen hjemme». I det hele tatt gir instruksene inntrykk av en altoppslukende tjeneste som omfattet hele livet, og som ikke skilte mellom det private og det offentlige, og heller ikke mellom prestelivet og familielivet.⁴⁷ Ifølge instruksene kunne ingen misjonær tre inn i ekteskap uten selskapets samtykke (§ 25). Instruksene hadde dessuten flere tillegg i form av regelverk for hjemreiser, tjeneste for NMS mens en var på opphold i Norge, regelverk om opphold for misjonærenes barn på institusjonen «Solbakken» i Stavanger og om økonomisk støtte til skolegang for misjonærbarna. Misjonærkonferansen forvaltet tilsvarende regelverk om tjenesteboliger, ferieboliger, lønn og andre ytelser.

Misjonærtjenesten omfatter ikke bare alle sider av livet, på 1920-tallet var det også et rådende ideal at denne var livsvarig. I 1934 finner det sted en interessant debatt i Luthersk Kirketidende. Lars Johan Danbolt, NMS-misjonær på Madagaskar, utfordrer forestillingen om at misjonærkallet var en livslang gjerning, og at dette var annerledes enn andre presters kall til å være «Ordets tjener». Han hevder at kallet til å forkynne evangeliet er uavhengig av geografi. Misjonærgjerningen *kan* være en livsvarig gjerning, men *behøver* ikke være det. En misjonsprest kan på et gitt tidspunkt få kall til å virke i hjemlandets kirke.⁴⁸ Danbolt ble kraftig imøtegått av Einar Amdahl.⁴⁹ Amdahl hevder, for det første, at tjenesten som misjonsprest er annerledes enn tjenesten som prest i hjemlandets kirke. Misjonspresten skal som apostelen Paulus ikke være bundet til en lokalmenighet, men ved ordets forkynnelse grunnlegge menigheter som snarest mulig skal bli selvstendige. For det andre mener Amdahl at det å være misjonsprest er «en særegen oppgave hvor det stilles særegne krav». Misjonæren må ha et særlig kall fra

47 Forholdet mellom det å være «Missionary Man» og «Family Man» undersøkes inngående i Kristin Fjelde Tjelle, *Missionary Masculinity, 1870-1930: The Norwegian missionaries in South-East Africa* (Basingstoke: Palgrave Macmillan, 2014), 166-88. Se også Knut Alfsvåg, «Misjonærkall og foreldre kall: Fruktbar spenning eller uløselig konflikt» i: *Med hjertet på flere steder*, redigert av Tomas Sundnes Drønen og Marianne Skjortnes (Trondheim: Tapir Akademisk forlag, 2010), 295-312.

48 Lars Johan Danbolt, «Misjonæren – en Ordets tjener» i: *Luthersk Kirketidende* 71, nr. 1 (1934), 3-5; nr. 2, 23-9.

49 Einar Amdahl, «Misjonærens kall og gjerning» i: *Luthersk Kirketidende* 71, nr. 16 (1934), 243-8; nr. 17, 257-60; nr. 18, 273-6; nr. 19, 289-93.

Gud og kirken, og dette kallet må være livslangt. Kallet kan ikke være et både-og-kall, både til prestegjerning i hjemlandets kirke og misjonærgjerning på misjonsmarken. Amdahl advarer mot det han omtaler som amerikansk og reformert, men også sekulær, tankegang som var i ferd med å spre seg: «Det nye syn på misjonærgjerningen som identisk med prestegjerningen og derfor også et identisk kall, synes å måtte hitføre en krise for misjon, kirke og kristendom».⁵⁰ Amdahl's forståelse av misjonærkallet som særegent og livslangt, og av en annen karakter enn pretekallet, fortsatte å ha dominans i NMS og i norsk misjonsbevegelse til sent på 1900-tallet.⁵¹

Global kirkebygging styrt fra Stavanger og misjonsprestens lojalitetskonflikter

Revidert misjonærinstruks fra 1924 skulle som nevnt gjenspeile en ny fase i misjonssarbeidet. Pionerfasen i Sør-Afrika, Madagaskar og Kina var et tilbaketrukket stadium, og vitale kirkesamfunn var i ferd med å vokse frem. Misjonspresten var bindeleddet mellom hovedstyre og generalforsamling i Norge, og kirkene ute. Misjonspresten fikk også ansvar for å lede prosessene knyttet til kirkenes «selvunderhold, selvstyre og selvutvikling». Dette begrepssettet var en norsk versjon av «The three-self principles: self-governance, self-support og self-propagation», en missiologisk strategi for etablering av lokale, selvstendige kirker. Denne ble først lansert på 1850-årene av toneangivende britiske og amerikanske misjonsledere, men senere videreutviklet og nytolket i ulike kontekster, som for eksempel i «The Three Self-Patriotic Movement», eller «Tre-Selv-kirken», i dagens Kina. Generalsekretærer i NMS deltok på internasjonale misjonskonferanser, Dahle i Edinburgh i 1910 og Amdahl i Jerusalem i 1928, og lot seg inspirere og påvirke av internasjonal tenkning og trender. På konferansen i Edinburgh tok representanter for det som da ble kalt «de yngre kirkene» eller «misjonskirkene», altså kirker som var oppstått som et resultat av vestlig, protestantisk misjon, til orde for større grad av likeverdig partnerskap og balanse i maktforhold mellom misjonsorganisasjonene og de lokale kirkene. International Missionary Council (IMC) inviterte til oppfølgingskonferanser i La Mohonk i 1921 og i Jerusalem i 1928, og begge disse ble sterkt preget av diskusjoner om nasjonalisering og selvstendiggjøring av unge kirker i Afrika og Asia.⁵²

Selvstendigjøringsprosessene var likevel konfliktfylte i de lutherske kirkene som vokste frem i kjølvannet av NMS sin virksomhet. Historikere som Hanna Mellomsether, Sigmund Edland og Silje Dragsund har i studier av prosessene på 1920- og 30-tallet i henholdsvis Sør-Afrika, Madagaskar og Kina dokumentert store spenninger mellom misjonsprester og lokale prester og kirkeledere på den ene siden, men også mellom

50 Ibid., s. 293.

51 Lisbeth Mikaelsson, *Kallets ekko: Studier i misjon og selvbiografi* (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2003); Tjelle, *Missionary Masculinity*, 145-49.

52 John Brown, «International relationships in Mission: A Study project», i: *International Review of Mission* 86, nr. 324 (1997), 207-273.

misjonærkonferanser og hovedstyret i Stavanger.⁵³ Det var uenighet om hvordan treselv prinsippene skulle forstås og implementeres. En gjennomgående holdning hos hovedstyret og generalsekretæren i Stavanger var at selvstyre ikke kunne innvilges før kirkene var økonomisk selvstendige, og omfattende økonomiske «Selvhjelps»-program ble pålagt menigheter og kirkedistrikt. Revidert misjonærinstruks av 1924 ga en rekke anvisninger om hvordan menigheter og kirkesamfunn skulle organiseres på misjonsfeltet, og videre om etablering av rådsstrukturer ettersom lokale kristne «gjør fremskritt i erkjennelse og modenhet». På de felt hvor «selvstendighet og selvhjelp» var langt fremskredet, kunne det etableres en konferanse med representanter fra lokale menigheter, en såkalt «blandet konferens», med «misjonsmarkens fulle selvstendiggjørelse som mål» (§ 22). Nærmere bestemmelser for denne, skulle imidlertid avgjøres av misjonærkonferansen og godkjennes av hovedstyret. Revidert instruks åpnet videre opp for «en innfødt til å føre det kirkelige tilsyn» (§ 23). Men vurderingen av «når forholdene på en misjonsmark finnes modne for det» skulle gjøres av misjonærkonferansen, altså de norske misjonsprestene. Den lokale tilsynsmannens virkeområde og hans relasjon til misjonens ledelse ute og hjemme, skulle også godkjennes av hovedstyret. Kirkeutvikling og selvstendighetsprosesser i Sør-Afrika, Madagaskar og Kina ble altså fremdeles styrt og kontrollert fra «Stavanger».

Først i tiårene etter 2. verdenskrig oppnådde kirkene på NMS' sine misjonsfelt selvstendighet. Misjonspresten på 1920- og 30-tallet skulle derfor erfare å stå i en rekke spenningsfelt og lojalitetskonflikter. Han skulle utøve sin profesjon som misjonsprest, men også være kirkeleder, i spenningsfeltet mellom NMS sin ledelse i Stavanger, representert ved generalsekretær og hovedstyre, og ledelsen i lutherske kirker i Zululand, Madagaskar og Kina. Misjonspresten opererte videre som NMS sin representant inn i en rekke internasjonale konstellasjoner og samarbeidsprosjekt på misjonsfeltene, primært lutherske, enten det var samarbeid om kirkekonstitusjoner, teologiske fakultet, forlagsvirksomhet, bibeloversettelse, gudstjenesteliturgier og salmebøker, eller helse- og utdanningsinstitusjoner. NMS sine teologiske, missiologiske men også økonomiske interesser skulle ivaretas av misjonspresten, noe som ble forventet fra «Stavanger», men disse stemte ikke nødvendigvis overens med den lokale kirkens interesser, med lokale myndigheters interesser, eller med interessene til eksempelvis samarbeidende tyske,

53 Hanna Mellemsether, *Misjonærer, settlersamfunn og afrikansk opposisjon: Striden om selvstendigjøring i den norske Zulukirken, Sør-Afrika ca. 1920-1930* (upublisert avhandling, NTNU, 2001), 171-247; Sigmund Edland, «Lars Dahles 'regime' og sjølvstendighetstron- gen i den gassisk-lutherske kyrkja (1889-1920)» i: *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap*, nr. 3 (1982), 171-83; Sigmund Edland, «Kampen om den gassisk-lutherske kyrkja sin fyrste generalsynode» i: *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap*, nr. 1 (1985), 1-15; Silje Dragsund Aase, *Negotiating Church in Hunan's Red Province: A Lutheran Church in Hunan 1902-1951* (upublisert avhandling, VID vitenskapelige høyskole, 2022), 117-36.

amerikanske, svenske eller finske lutherske misjoner på misjonsfeltene.⁵⁴

Konklusjon

Misjonspresten ble definert som en evangelisk-luthersk prest, ordinert av en biskop i Den norske kirke (Dnk) som bekjennelseskirke, og ikke som statskirke. Det kirkelige tilsyn etter ordinasjonen ble imidlertid overlatt til den private misjonsorganisasjonen Det Norske Misjonsselskap (NMS). NMS hadde en organisasjonsmodell med generalforsamlingen, bestående av representanter fra landets misjonsforeninger, som øverste autoritet og myndighet. Ledelsen var delegert til et demokratisk valgt hovedstyre, og styrets ansatte sekretær – generalsekretæren – var selskapets daglige leder. Også organiseringen på misjonsfeltene hadde en demokratisk struktur, hvor misjonsprestene var medlemmer av en misjonærkonferanse med øverste myndighet på feltet, som også valgte en tilsynsmann «blant likemenn». Misjonærkonferanse og tilsynsmann var likevel underordnet NMS' hovedstyre med base i Stavanger. Misjonspresten spilte den ledende rolle i NMS sitt misjonsarbeid i afrikanske og asiatiske land på 1920-tallet. Selv om kvinner og menn med annen profesjonsbakgrunn var ansatt i organisasjonen og arbeidet innenfor undervisning, helse og jordbruk, var dette arbeidet underordnet menighets- og kirkebyggingen. Misjonspresten skulle forkynne det kristne budskap, etablere menigheter og utføre kirkelige tjenester i de lokale menighetene. Men han skulle også lede prosesser knyttet til de fremvoksende kirkenes selvstendiggjøringsprosesser. Misjonspresten på 1920- og 30-tallet stod derfor i en rekke spenningsfelt og lojalitetskonflikter. Han skulle utøve sin profesjon som misjonsprest, men også være kirkeleder, i spenningsfeltet mellom NMS sin ledelse i Stavanger, representert ved generalsekretær og hovedstyre, og ledelsen i lutherske kirker i Zululand, Madagaskar og Kina. NMS sine teologiske, missiologiske men også økonomiske interesser skulle ivaretas av misjonspresten, noe som ble forventet fra «Stavanger», men disse stemte ikke nødvendigvis overens med den lokale kirkens interesser, med lokale myndigheters interesser, eller med interessene til internasjonale samarbeidspartnere.

54 Forskningsprosjektet *Connected Histories Contested Values* ledet av Frieder Ludwig ved VID vitenskapelige høyskole, har utforsket begrepet «transloyalties» i en rekke casestudier fra kirker og misjonsorganisasjoner i mellomkrigstiden og tiårene etter andre verdenskrig. Prosjektet publiserte to antologier i juli 2025: Frieder Ludwig et.al, *Transloyalties, Connected Histories and World Christianity during the Interwar Period, 1919-1939* (New York: Routledge, 2025) & Frieder Ludwig et.al, *Transloyalties, Connected Histories and World Christianity during the Period of Decolonization and the Cold War, 1945-1970* (New York: Routledge, 2025).

Misjonsskole og danning

Utviklinga av ein teologisk habitus

Joar Haga,
professor i kyrkjhistorie ved VID vitenskapelige høgskole

Artikkelen undersøker korleis misjonærar vart danna ved Misjonsskolen i Stavanger, med særleg fokus på kullet som vart ordinert i 1924. Eg nyttar omgrepet *habitus* for å forstå korleis skulen forma både karakter og fagleg kompetanse hos studentane. Danninga ved Misjonsskolen var meir enn teoretisk kunnskap – ho inkluderte moralsk utvikling, åndeleg modning og praktiske ferdigheiter, alt innanfor ein ramme av internatliv og tett oppfølging.

Artikkelen set Misjonsskolen inn i ein breiare historisk og pedagogisk kontekst, og samanliknar med liknande institusjonar i Tyskland (Basel, Barmen, Hamburg). Det vert også drøfta korleis ulike lærarar og leiarar ved skulen vektla ulike sider av danninga, og korleis vurderingar av studentane kunne sprike. Til slutt vert det peika på at misjonærane bar med seg ein særmerkt norsk vekkingskristendom, og at danninga ved skulen var prega av ein balanse mellom akademiske, praktiske og åndelege krav.

This article explores how missionaries were shaped at the Mission School in Stavanger, focusing especially on the cohort ordained in 1924. The author uses the concept of *habitus* to understand how the school formed both the character and academic competence of its students. Education at the Mission School went beyond theoretical knowledge—it included moral development, spiritual maturity, and practical skills, all within a framework of boarding life and close supervision.

The article places the Mission School in a broader historical and pedagogical context, comparing it with similar institutions in Germany (Basel, Barmen, Hamburg). It also discusses how different teachers and leaders at the school emphasized various aspects of formation, and how evaluations of students could vary. Finally, it points out that the missionaries carried with them a distinct Norwegian form of Pietist Christianity, and that the school's education was marked by a balance between academic, practical, and spiritual demands.

Nøkkelord: Danning, utdanning, studium, akademisk, misjonsskole

Innleiing

Laurdag 28. juni 1924 vart heile 18 misjonskandidatar vigsla til misjonsprestar i Stavanger. Stavanger Aftenblad presenterte 30. juni eit bilete frå hendinga der om lag 50 geistlege går i prosesjon, omgjevne av eit folkehav. Kandidatane som vart ordinerte i St. Petri den dagen hadde alle gått på Misjonsskolen, byens eldste akademiske institusjon. Dei hadde fullført seks 10-timars eksamenar, med påfølgjande munnleg prøve i alle fag.¹

Denne artikkelen vil undersøka korleis desse framtidige misjonæranne vart *forma* ved institusjonen. Dei hadde gått inn i ein høgare utdanningsinstitusjon som var blant dei eldste i landet. «Selskabets Udsendinge dannes ordentligviis ved en i denne Hensigt oprettet Skole», heitte det i §3 i grunnreglane som vart vedtekne ved opprettinga av Det norske misjonsselskap i 1842.² Misjonsskolen var det dannelsingsinstrumentet som skulle brukast for å nå dette målet. Poenget var, som Torstein Jørgensen streka under ved Misjonshøgskolens 150-årsjubileum, at utdanninga hadde «et videre sikte en ren formidling av teoretisk kunnskap».³ Kva som skulle liggja i eit slikt «videre sikte» er det spørsmålet som denne artikkelen reiser. Poenget er ikkje å gje ein uttømande analyse av heile institusjonens dannelsingsprofil, men å gje nokre perspektiv på det miljøet som forma studentane som vart ordinerte i 1924.

For å analysa kva denne danninga innebar vil eg gripa til omgrepet *habitus* (karakter), både fordi det er viktig i den lutherske tradisjonen, men også fordi omgrepet spelar ei sentral rolle i den vidare tradisjonen frå Aristoteles og er tenleg til å undersøka korleis misjonsprestane vart forma. Poenget hjå Aristoteles var nemleg at eit mennesket må ha noko i tillegg til vit og handlingar for å kunne kallast eit moralsk menneske.⁴ Eit danna

1 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 110.

2 Birkeli og Tidemann Strand, *Kallet og veien*, 10.

3 Torstein Jørgensen: «Misjonærutdanning i 150 år», i Tor Hauken og Arne B. Samuelsen (red.) *Forskere i Misjonens Tjeneste*. (Stavanger: Misjonshøgskolens forlag, 1993), 137-144. Her s. 138.

4 Sjø t.d. Notger Schlenczka, «Habitus. 1. Dogmatisch» *RGG*⁴ vol. 3, 1365-66.

menneske i etisk forstand må ifølgje Aristoteles ha innøvd nokre haldningar som også femner om kjenslene. Der Platon hadde presentert ein intellektuell og abstrakt ide om det (tenkte) Gode, der ville Aristoteles heller setje «den konkrete figuren til det gode mennesket,» slik at mennesket hadde ein modell å gå etter.⁵ Hja Thomas Aquinas er denne ideen vidareutvikla i eit kristent perspektiv. Innøvinga av dygd skjer ved at det moglege eller den evna som bur i eit menneske – *potentia* – gjennom ein *habitus* blir til ein akt eller røyndom – *actus*. Ein er altså ikkje fødd til dygd eller last, men tileignar seg ein viss karakter som gjev seg utslag i handling. Ein kan difor omsetje *habitus* som ein «ervert disposisjon».⁶

I nyare tid er det særskilt Alasdair Macintyre og hans aksentuering av dydsetiske perspektiv som har lagt vekt på dette aspektet. I artikkelen *Practical Rationalities as Social Structures* (1987) peika Macintyre på at både bønder og matematikarar lærar fagleg skjønn og å realisera det føremålet som faget deira har ved at dei blir «innvigde og trenar i dei handlingsvanane og dømmekrafta (habits of action and judgment)».⁷

Denne innramminga er særskilt fruktbar for å sjå på elevane ved Misjonsskolen, ettersom dette var ei oppseding der det var internatlivet med bu- og måltidsfelleskap som var ramma for innlæringa. Allereie denne innramminga gjorde at misjonsdanninga skilte seg ut frå andre studiar og reflekterte at det vart stilt heilt spesielle krav til den gjerninga som dei framtidige misjonærane skulle utføra. Heilt eineståande var likevel ikkje dette. Dei mange stiftsseminara som vart skipa som lærarskular i første halvdel av 1800-talet er eit anna eksempel på slike institusjonar. Dei hadde også internat, sjølv om den karakteristiske kalibreringa av karakteren til den enkelte student var mindre påfallande enn på Misjonsskolen.⁸ Eit anna eksempel er studentheimane. I København var det sidan starten av 1600-talet ein studentheim for 100 «værdigt trængende», *Collegium regium*, eller *Regensen*, som han også vart kalla.⁹

5 Peter Nickl, *Ordnung der Gefühle. Studien zum Begriff des habitus* (Hamburg: Felix Meiner Verlag, 2001), 22.

6 Jf. Knut Erik Tranøy, *Thomas Aquinas. Om loven, Guds attributter, tro og viten, og kjønnslivet i paradiset* (Oslo: Pax, 1967), 169.

7 Kelvin Knight (red.), *The Macintyre Reader* (Notre Dame: University of Notre Dame Press, 1998), 121.

8 Sjå t.d. Helge Dahl, *Norsk lærerutdanning fra 1814 til i dag* (Oslo: Universitetsforlaget 1959). Interessant er også Olaf Jansen, *Kristiansand lærerskole gjennom 100 år 1839-1939* (Oslo: Olaf Norlis forlag, 1951). Sjå også avhandlinga til Alf Gunnar Eritsland, *Med skolen som misjonsmark. Den norske vekkingssrørslas satsing på lærerutdanning 1890-1946* (Oslo: Universitetet i Oslo, 2019).

9 Studentane på Regensen hadde fleire plikter som dei måtte gjera for å kunne ta imot «nydelsen av Stipendiet». Det både gudstenester, samt morgon- og kveldsbøn. I overgangen frå 17- til 1800-talet var det i tillegg «øvelser», det vil seia disputasøvingar i faget. Sjå C.E.F. Reinhardt, *Kommuniteten og Regensen fra deres stiftelse indtil vore dage* (København, Muhle, 1862), 293-98.

Tidlegare forskning på Misjonsskolen og danninga der

Kva slags danning var det ved Misjonsskolen? Dei framtidige misjonærane – og etter kvart misjonsprestane¹⁰ – skulle dannast og få ein *habitus* som var eigna til å løysa det oppdraget som Det Norske Misjonsselskap (NMS) var sett til å verkeleggjera. Misjonærane skulle verkeleggjera eit bestemt føremål, nemleg at evangeliet skulle bringast til nye folkeslag gjennom forkynning og sakramentsforvaltning. Frå ei side sett var det difor ingen skilnad på misjonsoppdraget og kyrkjeleg arbeid i heimlandet. Men samstundes skulle jo dette arbeidet skje i ein heilt ny kultur. Som dei komande prestane i Noreg, måtte dei ha innsikt i Guds ord og teologiske disiplinar. I pensum-listene kan ein sjå at det vitskaplege idealet som eksisterte ved Teologisk Fakultet i hovudstaden, også eksisterte på Misjonsskolen. Det er grunn til å streka under at NMS ville vera ein ansvarleg, kyrkjeleg aktør med institusjonell tyngd frå Den norske kyrkja, noko som gjorde at ein var på vakt mot åndeleg svermeri og individuell religiøs fanatisme.

Men dei komande misjonærane måtte også oppfylle heilt andre krav. Dei skulle fungera i samfunn som var svært ulike det norske, noko som kalla på sosio-kulturell og kommunikativ kompetanse. Evna til å fungera i ein ny kultur innebar at dei komande misjonærane måtte ha eit sett av praktiske ferdigheiter, noko som var nært knytt til utvikling av personlegdomen og danninga av denne. Kastar ein eit blikk på reglementet for Misjonsskolen frå 1844, blir det tydeleg at lærarane ikkje berre skulle «besørge Elevernes Uddannelse». Dei skulle søka «saasnt som muligt at blive overbeviste om hvorvidt enhver dem betroet Elev virkelig er skicket til Missionstjenesten».¹¹

Forminga av misjonslevar var også ein del av den ålmenne pedagogiske kulturen som rådde siste halvdel av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Som Dag Thorkildsen har peika på, var skulen «statsmaktens sosialiseringsagent» og ein viktig bidragsytar for å skapa «lojalitet mot staten og statsmakten».¹² Denne nasjonale ideologien var felles for alle dei førande pedagogiske retningane. Formålet i skulereforma frå 1848 var karakteristisk skissert som «at bibringe Ungdommen en sand christelig Oplysning og derhos at forskaffe den de Kundskaber og Færdigheder, som ethvert medlem af Statssamfunet bør besidde.» Men det særeigne ved utdanninga ved Misjonsskolen var å knytte dette til den tenesta dei skulle utføra. Som det lakonisk vart kommentert om gardsarbeid i Rolls husorden frå 1874, «En vordende Missionær bør forstaa Noget av

10 Sjå Knut Alfsvågs bidrag i dette nummeret.

11 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 211.

12 Dag Thorkildsen, «En nasjonal og moderne utdanning» i Øystein Sørensen (red.) *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* (Oslo: Gyldendal, 1998), 265-284, her: 265.

Hvert [...]».¹³

Denne sida av misjonsrørsla skulle ein tru var blitt handsama i den etterkvart rikholdige misjonslitteraturen. Likevel, mangelen på analyse av dei *ideala* som misjonsskolen var tufta på er symptomatisk for det aller meste av litteratur som finst om dannelsingsaspektet til misjonselevane. Ein nøyer seg gjerne med å seia noko om bakgrunnen til misjonsvennene, det vil seia misjonsinteressen blant brødrevenner og haugianarar. Innhaldet i den misjonsskolen som etterkvart ser dagsens ljøs blir vurdert utifrå den faglege porteføljen som ein kan finna i dei ulike disiplinane som blir lært. Men noko nærare framstilling av dannelsingsideala leitar ein forgjeves etter.

Det er påfallande at ein så sentral læreinstitusjon for den framveksande misjonsrørsla har blitt så lite analysert. Eit symptomatisk døme på denne ignoransen er Olav Myklebusts doktoravhandling om misjonsfaget i teologisk utdanning. I kapitlet om tida i Tyskland 1800-1860 nemnte han rett nok Baselseminarets første inspektør, Blumhardt, men unngjekk å kommentera det seminaret som han faktisk leia. All interesse er knytt til dei prestisjefylte universiteta i Berlin, Göttingen osv. Som Myklebust skreiv med referanse til Karl Graul: «In Germany, as on the Continent as a whole, the vast majority of missionaries have been and still are trained in separate institutions (Missionsschulen)», men det vert ikkje skrive noko om kva slags institusjonar dette var. Kanskje skuldast den manglande interessa deira manglande akademiske renommé og forsiktige pretensjonar?¹⁴ Einar Molland peika på at Misjonsskolen hadde ei «improvisert undervisning», og at elevane der hadde «små forutsetninger når det gjaldt boklig dannelse».¹⁵ Det var liten grunn til vidare undersøkingar.

Nokre unntak finst. For John Nome, ein forskar med syn for sosiologiske og kulturelle aspekt ved lærdomskulturen, blir misjonsskolen som dannelsingsinstitusjon fyrst og fremst knytt til dei ulike studentane og deira (manglande) kulturelle horisont. Han peika på at den fyrste læraren, Andreas Hanssen, var son av ein haugiansk kjøpmann i Stavanger, men at brødrevenene såg på han som ein grundtvigianar, altså ein trussel. At Haugvaldstad agerte som husfar «i hvis hus nøysomheten var like sterkt utviklet som guds frykten», som Nome syrleg framheva, sikra den puritanske profilen.¹⁶ Nome nemnte så den absolutte lydnaden som var føresett i «Huusordenen», samt ordninga av dagsrytmen «som de i alle Punkter skulle efterleve», og illustrerte kadaverdisiplinen med tilfellet misjonselev Steene. Denne eleven hadde klaga på lærarar og medelevar, trassa den nye husorden. Difor vart han kravd tilbake all gjelda til Misjonsselskapet.

13 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 221.

14 Olav G. Myklebust, *The Study of Missions in Theological Education* vol. 1 (Oslo: Egede Instituttet, 1955), her: 94.

15 Einar Molland, *Norges kirkehistorie i det 19. århundre. Bind 1* (Oslo: Gyldendal, 1979), 162-163.

16 John Nome, *Det norske misjonsselskaps historie i norsk kirkeliv. Fra Stiftelsestiden til Schreuders brudd* (Stavanger: Dreyer, 1943), 115.

Slik vart det statuert eit eksempel for kva som ville skje om ein var ulydig, hevda Nome.¹⁷ Likevel var det liten refleksjon over dei *strukturelle* vilkåra for denne danningsinstitusjonen hjå Nome, altså deira kopling mot liknande institusjonar og den almenne danningsteorien som låg bak dette.

På eit vis kan ser det ut som om Nome har delt sin analytiske evne i to. Etter dei lett sarkastiske merknadane om dei kulturelle tilhøva, nyttar han meir panegyriske vendingar som «Misjonsskolen har framgang». Han konkluderte med at det «geistlig-kirkelige regimente» hadde sigra, før han gjekk laus på spørsmålet om ordinasjon for misjonsstudentane.¹⁸ Nomes «sosiologiske perspektiv»¹⁹ vurderte ikkje målet for danninga, men nógde seg med å visa fram dei miljøa som dei ulike aktørane kom frå.

I avhandlinga til Vidar Haanes blir den strukturelle konflikten mellom geistleg og lek innstilling til misjonsskolen modifisert. Med rette peika Haanes på at fleire geistlege med herrnhutisk bakgrunn støtta oppretting av ein eigen misjonsskole, medan sonen til Hans Nielsen Hauge, Andreas Hauge, var imot.²⁰ Men heller ikkje Haanes undersøkte kva som *innhaldsmessig* låg i ideen om ein eigen misjonsskole.

Eit anna unnatak er Jarle Simensen og kollegaer frå Trondheim og deira arbeid med misjonsrørsla på 1980-talet. Simensen & co. var ikkje berre oppteken av bakgrunnen til misjonselevane, men også deira «karakterdannelse», som det heitte i eit underkapittel i ein antologi. Med dette ville dei sjå på «hvilke karakteregenskaper Misjonsskolen ønsket å finne og utvikle hos sine elever.»²¹ Det vert sitert frå eit opptakskrav for misjonselevar frå 1860 – rett nok utan kontekst og med eit underleg krav om å vera gyldig for heile epoken – samt eit ønske om å undersøke korleis danningssideen vart formidla til elevane. Her er det likevel lite om danningas mål, men stort sett drøfting av danningas material, det vil seia at misjonseleven har «et særdeles Kald» til misjonsteneste, samt at dei naturlege føresetnadane, helse, alder, språklege anlegg, skulle vera i orden.

Når det gjaldt innhaldet i danninga, nytta Simensen ei bok av misjonssekretær i Basel, Friedrich Würz. Boka vart i 1901 omsett av O. E Mohr som var forstandar 1897-1907, og denne tente som normativ kjelde. Men denne boka reiste fyrst og fremst spørsmålet om «den egte dragelse til missionen», dvs. kor vidt den unge manns (indre)

17 Nome, 116-117.

18 Nome, 120-121.

19 Jarle Simensen og Vidar Gynnild, «Norske misjonærer på 1800-tallet: Mentalitet, sosial profil og foreningsbakgrunn,» i Jarle Simensen (red.) *Norsk misjons og afrikanske samfunn. Sør-Afrika ca. 1850-1900* (Trondheim: Tapir, 1984), 11-56, her: s. 12.

20 Vidar L. Haanes: *Hvad skal da dette blive for prester? Presteutdannelse i spenningsfeltet mellom universitet og kirke, med vekt på modernitetens gjennombrudd i Norge.* (Trondheim: Tapir, 1998), 110-111.

21 Simensen og Gynnild, s. 40.

kall er tufta på sanning.²² Poenget til Würz var å gå gjennom ulike motivasjonsfaktorar ved sjølvprøving. Til dømes nemnte han at Karl Buck fekk sitt misjonskall då han var fire år.²³ Korleis skulle ein vurdera slike erfaringar? Würz streka under at det var naudsynt med visse naturlege evner og anlegg, til dømes intellektuell kapasitet til å læra eit nytt språk. I tillegg peika han på to avgjerande trekk ved karakteren, nemleg sjølvttukt og kraft. Men også her var det mindre vekt på danning og meir på plikt, sjølv om det å «beherske sine tilbøieligheder, tøile sin tunge, lempe og underordne sig» var noko den komande misjonæren «maa ogsaa allerede hjemme ha øvet sig i».²⁴ Simensen og Gynnild la vekt på disiplin, forsaking og verdsfornekting, og streka under at misjonæren skulle bli eit sjølvutslettande instrument for Guds sak.

I tillegg nemnte Simensen og Gynnild forstandar Karl Roll og hans 23-siders husorden frå 1874, eit studium i sosial kontroll. Denne kjem eg tilbake til. Det er også verd å nemna analysen av eksamenssvar med tanke på misjonsforståinga og tilhøvet mellom individ og fellesskap, samt balansen mellom åndelege og verdslege aspekt ved misjonstenesta. Her finn dei eit perspektiv på danningas sluttprodukt, så og seie.

Danningsomgrepet i den lutherske tradisjonen

Sidan 1990-talet har det vore ei stigande interesse for danning og danningsteoriar. Den instrumentale forståinga av kunnskap som oppgåveløysing vart utfordra av ei meir heilskapleg forståing av kunnskap som ein del av mennesket og hennar utviklingsprosess.²⁵ At mennesket ikkje berre var ein kunnskapskonsument der kunnskapen skulle implementerast har lange røter i dei teologiske kunnskapssyna som har prega den lutherske kulturen.

Habitus – både prosessen og resultatet av den teologiske danninga var forstått som *karakteren* til den ferdige kandidaten. Etter at vitskapleg teologi vart viktigare utover på 1600-talet, konsentrerte universitetsprofessorane seg meir og meir om den intellektuelle utrustninga til kandidatane. Det vitskaplege studiet av Den heilage skrifta vart gjennomført med eit sideblikk på den filosofisk-teoretiske drøftinga i samtida, samstundes som ein la vekt på sjelslivet til den enkelte student, hans *cultura animi*. Den fromheitsmessige dimensjonen vart også lagt vekt på, – i Wittenberg var det mellom anna plikt å ta del i gudstenestelivet der professorane gjorde teneste. Den utbreidde førestillinga om dogmatisk hardnakka teologar i den såkalla «ortodoksien» er knapt

22 Jf. Friedrich Würz, *Skal jeg bli missionær?* (Stavanger: Det norske missionsselskabs forlag, 1901), 5.

23 Ibid, 8.

24 Ibid, 25.

25 Sjå t.d. antologien til Øivind Andersen (red.) *Dannelse. Humanitas. Paideia*. (Oslo: Syppress Forlag, 1999). Eit anna utslag er Bostad-utvalget som vart nedsett av Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bodø i 2007, og som leverte eit sluttdokument i 2009: «Dannelsesperspektiver i høyere utdanning».

haldbar, heller ikkje på teoretisk nivå. Det var snarare typisk å formulera målet med teologien slik David Hollaz formulerte i sin *Examen*: Teologi er *sapientia eminens practica*, altså fyrst og fremst ein praktisk visdom,²⁶ noko som hadde vore vanleg frå byrjinga av 1600-talet. Forståinga var til dels metodisk motivert frå Zabarellas idear og førte til at teologi-omgrepet vart «målstyrt»: Teologen skulle ikkje berre vite noko om trua og om Gud, men han skulle føra andre menneske til frelsa. Ein klar parallell fanst til medisin, der legen vart skulert for å formidla legedom til folk.²⁷

Med pietismen kom vektlegging av personleg *omvending* sterkare fram som mål for presteutdanninga. Organiseringa av utdanninga var knytt til bygging av ein parallell-struktur til den ålmenne kulturen, dvs. den store kyrkja. I det pietistiske programskriftet *Pia Desideria* hadde Spener gjeve nokre generelle retningslinjer til korleis (ut)danninga av prestar skulle endrast. Eit hovudpunkt var at personellet var «sanne kristne» og hadde «guddomleg visdom», slik at dei framtidige prestane kunne føra andre på Herrens veg.²⁸ Dette seleksjonskriteriet var nok vanskeleg å operasjonalisera ettersom studiet var ope for alle som ville ta eksamen. Kyrkja burde likevel berre kalla dei som «berre la vekt på Guds ære og såg vekk frå alle kjødelege ting som gunst, vennskap, gåver og slike unyttige ting.» Men når studentane fyrst var komne inn, burde dei

bli nøye observert av *Professoribus Theologiae* for å hjelpe til med å avskaffa alt som fanst av ukristeleg liv og forbetra dette, slik at academia blir det dei var meint til å vera, nemleg kyrkjelege planteskular og verkstader for Den heilage Ande, ikkje verdsanden, altså at dei ikkje blir æresjuke-, drukkenskaps- og kragledjevlar, slik ein kan sjå i dei studerande i det ytre.²⁹

Innramminga av studielivet som ein planteskule har eit sikte mot ei heilskapleg danning. Skuleringa var ikkje berre tenkt som innlæring av kunnskap, men har eit tydeleg moralsk aspekt. Professorane burde etter Speners mening sjølv vera eksempel for studentane, slik at dei kunne ha eit «levande mønster å strukturera sine liv etter».

26 *Quid est theologia? Theologia est sapientia eminens practica, e verbo Dei reuelato docens omnia, quae ad veram in Christum fidem cognitu, & ad sanctimoniam vitae factu necessaria sunt homini peccatori, aeternam salutem adepturo.* David Hollaz, *Examen Theologicum acroamaticum*. (Stockholm & Leipzig: Gottfred Kiesewetter, 1750 (1707)).

27 Sjå til dømes Kenneth G. Appold, *Orthodoxie als Konsensbildung. Das theologische Disputationswesen an der Universität Wittenberg zwischen 1570 und 1710* (Tübingen: Mohr Siebeck, 2004), 64-67.

28 “Die zum allerförderisten selbs wahre Christen seyen / und darin die Göttliche weisheit haben / auch andere auff den Weg dess Herrn vorsichtig zu führen [...]“, Philipp Jacob Spener, *Pia Desideria: Oder herzliches Verlangen Nach Gottgefälliger besserung der wahren Evangelischen Kirchen* (Frankfurt am Main: Johann David Zunner 1676), 125-6.

29 Spener, 126-7.

Dette gjaldt til dømes kulturen ved bordet, der ein burde ha oppbyggjelege samtalar over Guds ord, bibelsitat og salmevers. Hovudsaka var at moralsk liv var like viktig som intellektuelt liv, noko som ifølgje Spener var endå viktigare når det gjaldt åndeleg liv. «For teologi er ein *habitus practicus*», skreiv han, eit uttrykk som likna svært på Hollaz og hans uttrykk.³⁰ Det er likevel viktig å vera klar over forskyvinga som habitus-omgrepet fekk i pietismen. Medan Hollaz og den eldre tradisjonen knytte *habitus* til arbeidet med ord og sakrament, altså dei nådemidla som skulle føre menneske fram til frelse, kvalifiserte Spener *habitus* fyrst og fremst som ein moralsk kategori.

August Hermann Francke realiserte på mange måtar dette programmet i sine *Stiftungen* i Halle. Frå 1695 vart eit skulevesen og internat bygd opp som på eit par tiår femna over 2000 elevar. I boka *Kurzer und einfältiger Unterricht, wie die Kinder zur wahren Gottseligkeit und christlichen Klugheit anzuführen sind* (1702) viste han korleis målet om «å frykta og elska Gud» og kristeleg klokskap kunne bli nådd ved metodisk pedagogisk arbeid. For Francke var ikkje denne klokskapen berre tufta på vit og vitskap. Det var fyrst og fremst evna til å sondra mellom godt og vondt, særskilt med tanke på kva som var nyttig. Ein skulle læra kjærleik til sanning, lydnad og flid. Like viktig var det å kjempa mot lygna, eigenviljen og lediggang. Denne dømmekrafta skulle oppøvast til bruk i handling. Francke la særskilt stor vekt på lydnad: Mennesket må underordna seg Guds vilje, og lærer dette ved å lyda foreldra. Då vert eigenviljen broten ned.³¹

Presteutdanninga i Danmark-Noreg reflekterte denne utviklingstendensen. Som Oluf Kolsrud peika på, «den pietistiske religiøsitet gav det gamle presteideal ein ny, inderleg, personleg og asketisk karakter».³² I si viktige pastorallære la Erik Pontoppidan vekt på at embetet er å føre syndige menneske fram til foreining med Gud. Kven kan aksla eit slikt embete, spurte han retorisk? Englane var rett nok syndfrie, men knapt dugande til å vise kyrkjelyden at det var mogleg å leva gudfryktig. For Pontoppidan var nettopp *Exemplum* det sentrale aspektet. Prestane skulle vera kristeleg førebilete som dei truande kunne sjå opp til. Pontoppidan viste til at Paulus i 1. Tim 2 og 1. Kor 14 ikkje ville ha nyomvende, gudlause eller kvinner til offentlege lærarar.³³ Unge folk ville dessutan ha problem med å slå gjennom hjå eldre folk. Verst er det med hyklarar, ettersom desse må fortrenge Guds stemme når dei forkynner, skreiv Pontoppidan.

Om desse ideala vart gjennomførte for det teologiske studium i København, er neppe sannsynleg, men dei reflekterer tankesettet til ein av dei mest verknadsfulle teologane på 1700-talet. Dei to lærarane som fekk ansvar for utdanninga av prestar ved det nye universitetet i Christiania i 1811, Stener Stenersen (1789-1835) og Svend

30 Spener, 129.

31 Sjå t.d. Ralph Koerrenz et. al. (red.) *Geschichte der Pädagogik*, (Paderborn: Ferdinand Schöningh, 2017), 136-143.

32 Oluf Kolsrud, *Presteutdanning i Noreg* (Oslo: Universitetsforlaget, 1962), 215.

33 Erik Pontoppidan, *Collegium pastorale practicum* (Oslo: Luther Forlag, 1986) 67-8.

Hersleb (1784-1836), var begge restaurasjonsteologar. Saman med Grundtvig hadde dei ein kritisk brodd mot den rasjonalismen som hadde prega teologistudiet fram til starten til det 19. hundreåret. Stenersen gav ut eit lite skrift i 1815 med tittelen *Universitetsaarene, betragtede som den vordende Embedsmands Dannelsesperiode*. Framstillinga var eigentleg eit forsøk på å få til ein stipendordning for dei fattigaste studentane, men i dette skriftet reflekterte Stenersen eit syn på danning som er av interesse for forståinga av tradisjonen ved Misjonsskolen.

Danninga til presteteneste har to hovuddeler, skreiv Stenersen, nemleg kunnskap og evne til å kunne utøva denne kunnskapen.³⁴ Den teologiske kunnskapen skulle hjelpe den komande embetsmannen til å få ein fast *karakter* tufta på kjærleik til sanning og rett. Men då trengte ein lang nok danning. Mange studentar med dårleg råd avslutta studiane tidleg og tok arbeid som huslærarar. Stenersen meinte at ein då ville få svake karakterar som ikkje evna til å stå fast i overtyding. Deira karakter var danna i «Eftergivenheds Skole», i ein stadig forhandling mellom personale omsyn.³⁵ Dette hørte privatlivet til, men burde ikkje få grep om embetsmannen og hans kall til offentleg gjerd. Då ville han som embetsmann bli «et svagt Rør, som sveier hid og did for Venskabs og Kjærligheds, Egennyttes og Vellevnets Pust.»³⁶ Det ideelle programmet som Stenersen skisserte for studentane hadde også noko av pietismens trekk, om enn i svakare monn når det gjaldt dei asketiske sidene. Likevel, den som skal innviast til «Embedsmandens hellige Kald, bør i Indvielsens Dage leve *uafhængig*, og tildeels afsondret fra Verden», hevda Stenersen.³⁷ Det var denne tilbaketrekkinga som kunne forankra tenesta i eit fast sinn.

På mange måtar ligg desse tankane om danning nært opp til *formatio*-aspektet som har prega synet på presterolla som mellom anna Gustav Jensen aksentuerte frå slutten av 1800-talet. Her tenkte ein seg at det heilage livet vaks fram ved at presten møtte Kristus i Ord og sakrament: «Når Guds nådes ord får forme oss og forener oss med Kristus, vil naturgavene, studiet, dannelsen, forvandle seg i oss så vi får kjærlige hjerter som åpner seg for medmennesker».³⁸

Teologisk danning ved Misjonsskolen

Ser ein bort frå den embetsmessige laugsidentiteten som låg til grunn for dannelsingsforståinga til Stenersen og Jensen, kan ein skimte mange likskapstrekk med det som

34 Stener J. Stenersen, *Universitetsaarene, betragtede som den vordende Embedsmands Dannelsesperiode* (Christiania: Grøndahl, 1815), 1.

35 Ibid, 14.

36 Ibid, 15.

37 Ibid, 16.

38 Sitert frå Vidar L. Haanes, «Pastoral «formatio» og luthersk antropologi. Et perspektiv på norsk pastoralteologi fra slutten av 1800-tallet og fram til i dag», i *Halvårsskrift for praktisk teologi* 1/1999, 42-54, her: 47.

kjem til uttrykk i misjonstradisjonen som leia fram til opprettinga av Misjonsskolen.³⁹ Etter vedtektene som vart vedtekne på generalforsamlinga i Christiansand 1842 skulle Det norske misjonsselskap

virke til Guds Riges Udbredelse fornemmelig blant hedningerne, ved Dannelse, Udsendelse og Underholdning af Missionærer og disses Medhjælpere.

Eg vil likevel peika på to sider som skil seg ut som annleis. For det fyrste vart forståinga av kva ein misjonær var og skulle vera forankra i *demokratiske* foreiningar. Her var det ikkje embetsmenn som skulle dannast, sjølv om ein etter kvart fekk status som prestar i den norske kyrkja i utlandet. For det andre hadde misjonæren eit heilt spesifikt sikte. Vedtektene vart formulerte av kristne misjonsvennene som hadde samla seg om ei *sak*, nemleg å senda ut misjonærar og deira medhjelparar for å utbreia Guds rike blant heidningar.

Men korleis skulle dette gjerast? Misjonærane var ikkje berre fagfolk som skulle nytta sine teologiske kunnskapar på eit nytt felt, dei var – med unnatak av den universitetsutdanna Schreuder – ofte ulærde og hadde ein svak fagleg bakgrunn. Men nettopp dette gjorde studentane også *formbare* for misjonsverksemd. Inntrykket er at ein i større grad enn prestestudentane frå embetsmannskulturen i hovudstaden tenkte at misjonsselevane kunne *dannast* til å verkeleggjera misjonsoppdraget.

I 1843 fastsette den fyrste generalforsamlinga til NMS at skulen skulle liggja i Stavanger. Christiania misjonsforening hadde vore kritiske. Dei misjonsinteresserte teologane i hovudstaden forstod snart at med eit slikt grep ville sentrum for det veksande misjonsarbeidet i Noreg bli flytta frå Christiania til den provinsielle sildebyen. Det var ein lite tiltalende tanke for toppfolka i hovudstaden. Dessutan var det kyrkjerettslege innvendingar mot ei slik løysing. Ein statskyrkjeleg autorisasjon ville kanskje ikkje bli gjeven til ein misjonsskule i provinsen. I det heile hadde ein skule i Stavanger “noe lekmannsaktig ved seg”, sett frå hovudstaden. “Kirken selv” låg etter deira meining i statens skjød i Christiania. Det høyrer også med at misjonsforeninga i Christiania etterkvart *utelukkande* hadde medlemmer med teologisk embetseksamen frå Det kongelige Fredriks Universitet i same by.

Styret i Misjonsselskapet hadde innstilt på at misjonsskulen skulle liggja i Kristiansand, det mest “passende Sted”. Der var jo som kjent “stiftets høieste Geistlighed” å finna etter at kong Christian V i København på 1680-talet hadde fått den forunderlege ideen om å flytta bispesetet i Stavanger til byen med sitt eige namn. Men misjonsvenene ville ha skulen hjå lekfolket på Vestlandet. Kontroll over kunnskapsproduksjonen var avgjerande. Misjonsfolket ville ikkje berre ha fokus på bokleg lærdom. Dei ville utvikla “den kristelige ånd og det sanne, offervillige misjons-

39 Sjå artikkelen til Knut Alfsvåg i dette nummeret.

sinn” i studentane, som John Nome skreiv i si historie.⁴⁰

Ein viktig dimensjon ved misjonsrørsla ligg i den *klassemessige* forankringa til denne rørsla, og ikkje berre dei fromheitstypiske trekka til herrnhutarar og haugianarar. Som historikaren Hans Try peika på i sitt arbeid om framveksten av assosiasjonsånd og foreiningar: Trass i at prestane dominerte i Misjonsselskapet i 1850-åra, hadde lokalforeiningane «eit overveldande fleirtal av allmugespersonar og bare ei handfull embetsmenn og kondisjonerte.»⁴¹ Det interessante er at lekfolket rett nok leverte «materialet» i form av misjonselevar, men i tillegg hadde dei også hand om styringa av danninga. Allmugen styrte ikkje berre gjennom eit sterkt landsmøte, dei hadde også demokratiske statuttar. Ei nøkkelrolle for å omsetja desse statuttane til klingande pedagogisk mynt hadde sjølvsgatt undervisningspersonalet. I «statuter for missionsskolens lærerraad» står det ikkje berre at dei har ansvaret for den fagleg sida ved danninga. Lærarrådet skulle også

*Ved indgaaende overveielse at vaake over elevernes studier, aandelige udvikling, moralske forhold og i det hele søke fremmet deres alsidige og bedst mulige dygtiggjørelse for missionsgjerningen.*⁴²

Denne overvåkinga av misjonselevane skulle også nedfellast i ein rapport ved slutten av kvart skuleår, der hovudstyret kunne lesa ein «karakteristik av de enkelte elevers evner, intellektuelle og aandelige standpunkt og om deres forhold ved skolen».⁴³ Tanken om Guds oppsyn hadde nok sin grunn i den jødisk-kristne tradisjonen. Det gamle testamente viser ofte til Gud som han som «ser alt». Mot slutten av 1700-talet fekk ideen om overvaking eit oppsving, særskilt i den franske revolusjonen, men då som «Lovas auge».⁴⁴ Spørsmålet er korleis slags dannelsesforestillingar gjorde seg gjeldande i undervisning og prøving av dei framtidige misjonærane.

Tyske førebilete? Basel, Barmen og Hamburg

I Stavanger Amtstidende kunne innbyggjarane ein sommardag i 1842 lesa at det fanst planar om å danna “et almindeligt Missionsselskab, ligesom ogsaa at diskutere om Oprettelsen af en Missionsskole her i Byen.” Avisa såg med stor velvilje på “det ædle Formaal”, nemleg “at virke til Evangeliets Forkyndelse i Hedningeland”. Likevel, avisa var klar på at det “frembyder sig mange Vanskeligheder for Realisationen” av

40 Nome, *Det norske misjonsselskaps historie i norsk kirkeliv. Fra Stiftelsestiden til Schreuders brudd* (Stavanger: Dreyer, 1943), 28.

41 Hans Try, *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge* (Bergen: Alvheim og Eide, 1985), 16.

42 Birkeli og Strand, 229.

43 Ibid.

44 Michael Stolleis og Wolfgang Behringer, «Auge» i *Enzyklopädie der Neuzeit*, Vol. 1, 2005, 844-848, her: sp. 848.

ideen når det gjaldt opprettinga av ein misjonsskule. Leiarskribenten var oppteken av personalspørsmålet, nemleg utfordringa med å finne “duelige Lærere”. Utfordringa var ikkje mangel på folk med bokleg lærdom, men *erfaring*, meinte avisa. I Noreg fanst det jo knapt nokon med *misjonserfaring*, - dei måtte “hidkaldes” frå utlandet. Leiarskribenten var redd for at dette ville vera “forbunden med ikke ubetydelige Udgifter.” Kvifor ikkje senda dei vordane misjonærar til misjonsskular Barmen eller Basel, spurte avisa?⁴⁵

Det var ikkje eit spørsmål som var teken ut av lufta. Den nitten år gamle J.W. Cappelen hadde blitt sendt av det danske Missionsselskab til Misjonsseminaret i Basel for å bli danna til misjonær. I Basel rekrutterte ein «rettskafne og religiøst tenkande unge menn frå alle konfesjonar og stender».⁴⁶

Daniel Thrap skreiv at Cappelen hadde vore der eit år og levd «efter de strænge Former» før han vendte tilbake til Noreg og starta arbeidet med å danna misjonsforeiningar.⁴⁷ Thrap går ikkje inn på kva desse strenge formene skulle tilseia, men Cappelens biograf Einar Boyesen siterer Dansk Misjonsblad som i 1825 skreiv dette om det klasseoverskridande misjonsinstituttet i Basel:

Elevene i dette Institut nyde en Dannelse, som aldeles passer sig til Missionairenes tilkommende Stilling. Bibelen er deres Hovedbog, paa hvis Grundsprog, Ebraisk og Gresk, der anvendes en udmærket Flid, og i hvilke der opnaaes i Hjerterne christelig Ydmyghed, Selvfornegtelse, Kjærlighed til Gud og Jesum og til alle Jordens Børn arbeides der tidligt og sildigt. Der leves overmaade tarveligt, enhver Missionair, saavel av de fornemmere, som af de ringere Stænder sidder til Bords med Lærerne og Eleverne.⁴⁸

I tillegg til den omtalte askesen og måltidsfellesskapen som ikkje tok omsyn til stendene, kan ein leggja merke til at latinen var fråverande. Det er dei bibelske språka som har prioritet, eit element som også gjorde koplinga til den tidlege kyrkja og martyriet tydelegare.

Den tyske dannelseshistorikaren og teologen Thomas Schlag har nyleg peika på korleis misjonstanken vart verkeleggjort gjennom misjonsseminaret i Basel. Her gjaldt vilkårslaus lydnad og eit oppsiktsvekkjande stort ytingspress. Ein la avgjerande vekt på fromheit, moral og individuell omvendingserfaring. Likevel var ikkje misjonssemin-

45 Stavanger Amtstidende, No 63, 8. august 1842. s. 1-2.

46 Friedrich Huber: «Mission. 3. Evangelische Kirchen» i *Enzyklopädie der Neuzeit*, Vol. 8, 2008, 586-591. Her: 589.

47 Daniel Thrap, *Wilhelm Andreas Wexels. Livs- og tidsbillede* (Christiania: Dybwad, 1905), 121-122.

48 Einar Boyesen, *J. W. Cappelen 1805—1878. Noen blad av norsk bokhandels og norsk kulturkampens historie* (Oslo: Cappelen, 1953), 36.

aret ein refleksjon av bakgrunnen til studentane. Seminaristane var «Quereinsteiger», hevda Schlag, faga som dei skulle skulerast i var eigentleg framand for dei. I Basel tydde det også ei endring i fromheitstype. Her fungerte danninga som korrigering av enkelte element i vekkingsrørsla: Studentane måtte leggja av alle former for «apokalyptiske og hysteriske framtidspårestillingar og misjonar omvendingsoptimisme.»⁴⁹ Den første inspektøren, Johann Christoph Blumhardt, var verksam i sju år frå 1830 av. Han var prega av kyrkjeleg lutherdom, hadde studert i mange år i Tübingen og budd i det berømte teologiske *Stift*. Av innstilling var han også skeptisk andsynes altfor stor omvendingsiver blant seminaristane.⁵⁰

I Basel var utdanninga opphävleg tre år, men vart seinare utvida til fem år. Kriteriene for å bli akseptert som student var alder mellom 18 og 24 år, god fysisk form, og politiske, militære og politimessege tilhøve måtte vera i orden. Det som likevel er særskilt interessant med vilkåra for opptak var det ein kalla «den personlege innstillinga» til dei framtidige misjonærane:

Den som vil gå inn i seminaret må ikkje berre vera ein moralsk uklanderleg ung mann, men han må ha eit sant liv i Gud [...] Den som vil omvenda andre, må sjølv vera grundig omvendt, ikkje forbigåande rørt av Guds ånd, men sannferdig gjenfødt [...] Det blir kravd at den som søker opptak ikkje berre har eit ønske om å bli ein forkynnar av evangeliet til heidningar, men at han skal bli viss på sitt guddomlege kall til å bli ein misjonær ved å la ettertanken modna, lenger sjølvprøving etter Guds ord under bøn og råd frå sakkunnige menn som kjenner søkaren vel.⁵¹

Ein av dei framtidige misjonsselevane, Lars Larsen, hadde erfaring frå ein avleggjar av Basel, nemleg Barmen. O. G. Myklebust peika på eit anna kontaktpunkt mellom misjonsvenene i Noreg og Barmen, nemleg at den første misjonærinstruksen til NMS (1849) var ei omsetjing og omarbeiding av den rhinske.⁵² I tillegg fanst det ein misjonskandidat med erfaring frå institusjonen. I siste del av 1830-åra hadde nemleg den herrnhutisk farga Stavanger misjonsforeining støtta Hans Christian Knudsen og

49 Thomas Schlag, «Medien der Mission und Bildung. Die Entwicklung eines transnationalen Bildungsprogramms am Beispiel der Basler Mission im 19. Jahrhundert», i David Käbis och Johannes Wischmeyer (red.) *Transnationale Dimensionen religiöser Bildung in der Moderne* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 2018), 97-120, her: 106

50 Sjø Michael T. Schulz, *Johann Christoph Blumhardt. Leben – Theologie – Verkündigung* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 1984), 43-47.

51 Sitert frå Detlef Lienau, «Pflanzschule von Heidenboten – Das Basler Missionsseminar» i Jobst Reller (red.) *Ausbildung für Mission. Das Missionsseminar Hermannsburg von 1849 bis 2012* (Münster: LIT Verlag, 2015), 43-80, her: 47

52 Olav Guttorm Myklebust: «»En Kirkens Sag». Det Norske Misjonsselskaps første forskrifter for sine utsendinger., *NTM* 1983, 235-239.

utdanninga hans på misjonsinstituttet til det rhinske misjonsselskapet (Rheinische Mission) i Barmen. Kunne eit slikt føretak bli verkeleggjort i Noreg også? I 1840 kunne misjonsforeininga i Stavanger rapportera om at ein hadde fått «en fra H. C. Knudsen modtagen Opfordring til at søge oprettet et Missions-Institut i Norge»,⁵³ over same lest som i Barmen.⁵⁴ Knudsen ville gjerne skipa eit institutt som likna Barmen-instituttet. Kva var det for dannelsingsinstitusjon som ein her ønska å oppretta?

Misjonsseminaret – eller misjonsskolen – i Barmen vart oppretta ettersom det rhinske misjonsselskapet sjølv ville senda ut misjonærar. Den rhinske misjonen var ei samanslåing av fleire misjonsforeiningar frå både reformerte og lutherske krinsar. Den eldste av desse, Elberfeld, vart grunnlagt allereie i 1799, og verksemda hadde ringverknader som strekte seg like til Noreg. Dette vart kommunisert gjennom det (nokså) nye pressemediet. Niels Johannes Holms «Missions-Blad» kunne nemleg i 1832 konstatere at

Hine Barmenske Christne have en særdeles Kjerlighed for Norge; alene ved deres Opmuntring og Understøttelse er det norske Missionsblad blevet til [...]⁵⁵

Formidlinga til Holm framstilte også institusjonelle sider ved Barmen-misjonen. Gjennom Missionsbladet peika han på at ein i Barmen i 1825 hadde skipa ein misjonsskole fordi det kom «ynglinge, som ønskede at forberedes til Missionstjenesten» i så store mengder at ein ikkje kunne senda desse til misjonsskolen i Basel. I Barmen gjorde ein sjølv ein «Prøvelse af deres Kald til Missionstjenesten», og så fekk dei unge undervisning av ein pastor Lindl og ein skulelærar tre dagar i veka. Dei tre andre dagane skulle nyttast til regulært kroppsarbeid, «hvorved de fortjente en Deel af Bekostningen for deres Underholdning».⁵⁶

Misjonsskolen i Barmen vart raskt svært populær. Eit interessant aspekt som kastar lys over dei radikale ideane som prega vekkingsrørsla i Barmen, er rolla til den nemnte pastor Lindl, ein av dei første lærarane ved misjonsskolen i Barmen. Michael Kannenberg har belyst denne sida ved misjonsrørsla gjennom sin studie av endetidsforventinga i Württemberg-pietismen ved byrjinga av 1800-talet. Ignaz Lindl, som han heitte, var nemleg ein romersk-katolsk prest som var ein del av ei vekkingsrørslle med sterke apokalyptiske innslag. Lindl sameinte katolsk mystikk og protestantisk pietisme i ei transkonfesjonell kristendomsforståing og samla tusenvis av menneske under sin talarstol. Han forkyste ei «rein Kristus-tru» med vekt på forfølging og til sist utvandring. Dette fall både kyrkjelege og statlege styresmakter tungt for brystet og

53 John Nome: *Demringstid i Norge. Fra misjonsinteresse til misjonsselskap* (Stavanger: Det norske misjonsselskaps forlag, 1942), 313.

54 John Nome: *Det norske misjonsselskaps historie* (Stavanger: Dreyer, 1943) bind 1, 19.

55 *Missions-blad* No. 18 (1832, 4. sept), 138.

56 *Ibid*, 139.

førte til sist til avskjed frå fleire av pretestillingane som han hadde vore i.

I 1819, medan Lindl var prest i Grundremmingen i Bayern, vart han invitert av Tsaren i Russland til å førebu utvandring frå Württemberg og Bayern til Sør-Russland. Etter eit opphald i St. Petersburg kunne han som nyleg Tsar-utnemnd visitor og prost for katolske kristne i Odessa utøva sitt embete. I fire år tok han imot tyske utvandrarar til sin «sanne kristeleg-apostoliske Guds kyrkjelyd».⁵⁷ Han gifta seg og freista å omforma kyrkjelyden til ein tverrkonfesjonell Herrnhuter-kyrkjelyd. Men Lindl måtte til slutt reisa frå Russland, konverterte til den evangeliske kyrkja og hamna til slutt som hjelpeprest (Hilfsprediger) i Barmen, - og lærar for den nystarta misjonsskolen for det rhinske misjonsselskapet.⁵⁸ Ein kan rekna med at Lindl hadde ein nokså annleis verknad på misjonselevane enn den luthersk-kyrkjelege Blumhardt hadde i Basel. I Barmen møtte misjonselevane ein konfesjonslaus apokalyptikar med syn for radikale politiske idear. Ein kan altså tala om eit temmeleg vidt spekter av dannelsesidear hjå sentrale lærekrefter ved desse institusjonane.

Det var likevel verken misjonsseminaret i Basel eller Barmen som låg nærast som modell for Stavanger. I Hamburg hadde ein i 1837 vedteke å oppretta misjonsseminar for det Bremen-baserte Nordtyske misjonsselskap, og det var denne institusjonen som vart viktigast for utforminga av Misjonsskolen. Hamburg låg ikkje berre kyrkjeleg nært, men det var også gode handelskontaktar mellom Hamburg og Stavanger. Haugianarane var involverte i det lukrative sildefisket og fleire kom slik i kontakt med Tyskland.⁵⁹ Her spelte John Haugvaldstad ei viktig rolle. Ikkje berre som leiar for haugianarane i Stavanger, men også som husfar for det første kullet.

I Stavanger skreiv John Haugvaldstad eit brev i mai i 1841, der han peika på at «vi forenede skulde vaave os til og begiönde med opprettelsen til en mesjons skole». Han var i tvil om sitt eige engasjement for ein slik misjonsskole, men ville i så fall «aller först giöre en reise til Barmen for at se og höre der om mange ting og faa ramslan me som er lit spraaget megtig».⁶⁰ Peder Ramsland var ein av Haugvaldstads næraste medarbeidarar, og svigerfar til diktaren Alexander Kielland.⁶¹ No gjekk ikkje reisa til Barmen, men til Hamburg. Ein kan stilla seg spørsmål om kor viktig ei slik reise

57 Michael Kannenberg, *Verschleierte Uhrtafeln. Endzeiterwartungen im württembergischen Pietismus zwischen 1818 und 1848* (Göttingen: Vandenhoeck und Ruprecht, 2007), 70-83, her s. 81.

58 Kannenberg, s. 194.

59 Sjå til dømes Olav Golf, *Religiöse Minoriteters utvandring. Kvekere og haugianere fra Rogaland i pionértida* (Oslo: Eige forlag, 1999), 47.

60 Misjonsarkivet A-1045/D/Daa/L0002/01. Brevet er datert 13. mai frå J. R. Haugvaldstad til O. P. Moe i Kristiansand og er i avskrift. Avskrivar I. Kv. Datert 17. januar 1957.

61 For biografiske opplysningar, sjå den lokalhistoriske studien av Gunnar A. Skadberg, *Alexander L. Kielland: «i slekt med hele byen» Kielland og hans nærmiljø sett fra et lokalhistorisk ståsted* (Stavanger: Wigestrånd, 2002), 88-91.

var for innramminga av misjonsskolen i Stavanger, men ein skal ikkje undervurdera betydninga som Haugvaldstad hadde på arbeidet. Han var husfar i dei første fire åra medan misjonsskolen leigde lokale i Øvre Strandgate. I tillegg stod den fyrste forstandaren, Andreas Hanssen, i kontakt med Det norsk-tyske misjonsselskapet i Hamburg. Etter at reisa var avslutta skreiv Haugvaldstad at

jeg tog paa Reisen [til] Tydskland denne Sommer først i August med Kjøbmand P. Ramsland der var noget øvet i dete Sprog og vi kom lykkelig og vel Frem det jeg nu lenge havde Ønsket fik jeg ei alene se men og tale med dem der som bedst kunde lede i de Ting hvortil de og var villige. Vi opholdt os der til vi ei vidste mere at undersøge dog er det troligt at komme vi i arbeide med dette vil vist mange Ting blive tvivlsomme vi holdt det ei umuligt men muligt ogsaa for os i Norge at begynde i det Smaa og oprette et Institut da vi kan haabe at naa flere [...] Vi tænkte det var bedst først at overveie hvad Bye eller sted maatte være passeligt for omtalte Indretning og derpaa gjøre det bekjendt, saa at de som havde Lyst og Drift dertil at blive Danet til Missjonærer kunde vide hvor de skulle mælde sig. Det er en selvfølge de maa være paa Prøve en Stund for end det bliver fast bestemt; thi det vil og beroe paa deres Naturevner om de kan blive antagne i Skolen. En Lærer for dem som skulde Læres bliver vel vanskeligt at faae, thi at saa vel Læreren som Diciplene maa være ret overgaaede fra Mørket til Lyset fra Satans Magt til Gud. Derom er hans een Mening fast Bestemmelse og dise ere vel den mindste Deel i Verden efter vor Frelzers egne Ord.⁶²

Sjølvs om brevet vitnar om at Haugvaldstad tvilte på eiga rolle, er det tydeleg at oppfatninga hans var at misjonærutdanninga skulle ha eit *særskilt* dannelsesprogram. Ein kan også leggja merke til at danninga hadde ei grense. Framtidige misjonærar måtte nemleg vera utrusta med visse evner frå naturen si side. Haugvaldstad nemner også den sentrale rolla til «Læreren». Dette er forståeleg når det er ein bestemt fromheistype som skal odlast i seminaret. Kva slags misjonsseminar var det Haugvaldstad møtte i Hamburg i 1841?

Sjølvs om ei samla framstilling av historia til dei framveksande misjonsseminara manglar, har Jobst Reller skissert nokre grunnleggande sider ved seminaret i Hamburg. Frå 1819 hadde den nystarta Bremen Missionsverein utdanna sine utsendingar i Basel eller Berlin. Han peika på at dei i løpet av 1820-åra hadde samla erfaringar av å utdanna handverkarar til misjonærar. Reller merka seg også at det nordtyske misjonsselskapet hadde ei *republikansk* forfatning, der både reformerte og lutherske hadde lik

62 Ibid, datert oktober 1841. Adressat er ukjend.

makt.⁶³

Johann Hartwig Brauer frå Hamburg vart vald til inspektør. Han var kjent som ein som «hata synd», men som «elska menneske». Brauer gjekk for å vera særskilt dyktig i språk og som pedagog.⁶⁴ Han var fyrst og fremst ein mann med sterke interesser i misjonsvitskap, men utan evna til å begeistra misjonsvenene.⁶⁵ Brauer hadde skrive 3-bandsverket *Bidrag til omvendning av heidningane* 1837-1841, der han hadde framstilt Fredrik den fjerdes misjonsinnsats i Trankebar ved Bartholomeus Ziegenbalg (bind 1) og Benjamin Schultze (bind 3), samt samemisjonen ved Thomas von Westen og grønlandsmisjonen ved Hans Egede (bind 2). Denne vitskaplege innramminga var neppe med på skape tillit i misjonsfolket i Nord-Tyskland. Dei såg med ein viss skepsis på at han kledde seg i – etter deira meining – gode klede, og ikkje greidde seg med det naudsynte. «Dersom den kjære Brauer vil danna vitne for evangeliet må han all-tid gå føre sparsamt og tilbakehalden [...]».⁶⁶ Ein slik diskrepans mellom puritanske lekfolk og meir kulturoopne leiarar var nok synleg for Haugvaldstad og Ramsland då dei vitja Hamburg. Det kan også forklara Haugvaldstads understreking av kor viktig «Læraren» var for profilen på Misjonsskolen.⁶⁷

Ei viktig side ved opptaket til misjonsteneste i det nordtyske misjonsselskapet var prøvinga av dei som gjerne ville bli misjonærar. Det var ikkje berre intellektuelle sider ved søkerane som vart gjennomgått. Ein freista å trengja inn til «temperamentet og retninga på dette,» særskilt når det gjaldt spørsmålet om kvifor søkeren ville bli misjonær. Ein ville få eit grep om heile personlegdomen til dei komande misjonærane.⁶⁸ Når dei ulike misjonselevane skulle leva i saman, skulle ein kanskje tru at det var viktig med husreglar. Det fanst ei husordning heilt frå starten, men ho vart ikkje nedskriven. Ein ville ikkje ha ein skriftleg kontrakt som gjaldt ein gong for alle, men ein munnleg avtale. Poenget var å skapa ein kristeleg familie, der fellesskapsånd rådde utan at individualiteten til den enkelte forsvann ut av synsfeltet.⁶⁹

Det er også verd å nemna *Missionsvorbereitungsanstalt* som vart oppretta i Nürnberg

63 Jobst Reller, «Die Anfänge des Missionsseminars der Nord-deutschen Missionsgesellschaft in Hamburg, Bremen und Hermannsburg 1837-1850» i Jobst Reller (red.) *Ausbildung für Mission. Das Missionsseminar Hermannsburg von 1849 bis 2012* (Münster: LIT Verlag, 2015), 101-138. Her: 105.

64 Ibid., 114.

65 Ibid., 117.

66 Ibid. 133.

67 Jf. «Ennå kunne brødrevennene dog ha håp om at misjonsutsendingene kunne få det rette evangeliske syn, dersom man fikk den rette mann til forstander ved Misjonsskolen» i John Nome, *Det norske Misjonsselskaps historie, bind 1*, 110.

68 Ibid., 109.

69 Ibid., 117.

i 1846.⁷⁰ Gjennom denne institusjonen ville ein avhjelpe behov for kyrkjeleg personell blant tyske utvandrarar i USA. I institusjonen, som etterkvart flytta til Neuendettelsau, var Friedrich Bauer sentral i oppbygginga av studiet. Det varte i 3 år. Eit interessant trekk var at dagsrytmen med både undervisning og fritid var fullstendig regulert frå klokka fem om morgonen til klokka ti om kvelden. Ja, dette var utvikla i eit endå strengare «monastisk» system enn det som Wilhelm Löhe opphavleg gjekk inn for, i det kjente «Gemeinsames Leben». Det dannelsmessige poenget til Bauer kom til uttrykk i grunnreglane, fyrst nedskrivne i 1861: «Ein misjonsanstalt er ikkje berre ein lærdomsanstalt (Lehranstalt)» heitte det i §2, «men ein utdanningsanstalt for misjonskallet [...] Utdanninga er luthersk, dvs. ekte evangelisk, som ei utdanning til fridom».⁷¹ Det kan lyda paradoksalt, all den tid dagen var fullstendig gjennomregulert som innøving i kristendom.

Ein kan også nemna andre institusjonar i tysk tradisjon som var viktige for utviklinga av danninga i kristen kontekst. Eit eksempel er diakonianstalten i Hamburg, oppretta i 1833 av Johann Hinrich Wichern.⁷²

Danninga i norsk kontekst

Korleis nedfelte desse dannelsideala seg i ein norsk kontekst? I eit brev frå 26. februar 1848 svarte Haugvaldstad på nokre kritiske spørsmål frå misjonsvener. Nokre av desse på «Hedemarken» hadde tvilt på «Lærerens duelighed». Haugvaldstad hevda at det var ingen grunn til å tvila på at lærarane ved Misjonsskolen kunne «danne Elever». Når det gjaldt deira «Læres Reenhed», var det ifølgje Haugvaldstad ingen grunn til å tvila på denne, all den tid dei var fødd «i vor Bye» og den eine var sonen til Haugvaldstads næraste nabo. Ein annan har «opført sig vakkert», foreldra var nemleg kjenningar. Ein annan var hjelpeprest eit stykke unna før han kom til skulen. «Der var mange af vore Bekjendte som han var meget yndet af, og han er nu paa Storthinget». Her kan ein skimte grunngjevinga i det haugianske venesamfunnet. Det er ikkje konfesjonelle eller kyrkjelege spørsmål som er det avgjerande for om lærarane er dugelege, men personlege kvalitetar som Haugvaldstad har innsikt i gjennom kjennskap og venskap.

Haugvaldstad delte også av si erfaring med elevane som hadde budd hjå han sidan oppstarten i 1843, «saa jeg har havt god Anledning at kjende dem. Jeg tilstaaer det er gode Folk; vel maa jeg tillægge at En kan vise Lidt mere Svaghed end den anden». Med «Svaghed» meinte Haugvaldstad at det skorta på moralsk karakter, det vil seia evna til å stå imot freistingar. Når det gjaldt læremessige aspekt ved undervisninga, viste Haugvaldstad til at det som blir lært er «af Böger, som ere af mange bestemte, og som

70 Hans Rössler, «Friedrich Bauer – ein fränkischer Theologe und Schulmann», i *ZBKG* 80 (2011), 20.

71 Ibid, 32.

72 Hans-Walter Schmuhl: *Senfkorn und Sauerteig. Die Geschichte des Rauhen Hauses zu Hamburg 1833–2008*, Hamburg 2008, S. 29–30.

ei bliver flyttet derfra eller ombyttet. Det er ikke Lærer eller Elever tilladt at bringe hvad Bog han vil.»⁷³ Dersom dette er rett, har nok den boklege sida av studiet vore standardisert, dvs. lagt seg tett opp til bøkene som vart nytta ved Teologisk Fakultet.

At dannelsesideen til misjonsfolket bygde på den føreliggjande utdanninga i teologi til komande prestar i Den norske kyrkja er heva over tvil. For misjonsskolen sin del innebar det bibelstudier, dogmatikk, kyrkjehistorie og religionskunnskap. Ein misjonsstudent måtte altså meistra dei klassiske teologiske kunnskapsfaga i tillegg til misjonsrelevante fag. Teoretisk kunnskap hadde likevel ei grense. “Kundskab i den hellige Skrifts Grundsprog ansees vel ønskelig men ikke nødvendig for hver Missionspræst”, heitte det i reglementet.⁷⁴ Trass i dette vart det undervist i gresk frå 1870, og latinundervisning kom til nokre år seinare. Samstundes representerte desse akademiske ambisjonane eit problem. På den eine sida ville ein gjerne gje landsens ungdom utan særskilte eigenskapar (dvs. artium) tilgang til Misjonsskolen, slik Kristin Fjelde Tjelle peikar på i sitt bidrag til dette nummeret av NOTM. På den andre sida hadde ein temmeleg høge akademiske pretensjonar. For å bøta på manglande teoretisk skulering, hadde Misjonsselskapet oppretta gymnasie-kurs i 1915. Men ein kunne også sleppa inn på Misjonsskolen utan artium. Denne dobbelte innstillinga kan ein forstå som eit utslag av at kallsopplevinga til å reise ut som misjonær måtte ha forrang framfor formelle utdanningskrav.

I sjølvbiografien som misjonsleiaren Lars Dahle publiserte i 1922, skreiv han om opphaldet sitt ved Misjonsskolen 1864-67. Dahle peika på at nivået var svært elementært, ettersom mange ikkje hadde noko særskilt lærdom frå før. Det gjorde at han alltid leste artikkeloppslaga i Herzogs Realenzyklopädie, for eksempel i kyrkjehistorie.⁷⁵ Denne merknaden må nok tolkast ut frå Dahles store evner og vitskaplege svolt. På Misjonsskolen såg lærarane potensialet til Dahle og sende han til universitetet i Christiania. Der vart han del av den indre krinsen til Gisle Johnson og Carl Paul Caspari før han reiste til Madagaskar. At Misjonsselskapet sende Dahle til hovudstaden for eit vidare teologisk studium vitnar om forståing av at spesielt gåverike menneske treng å bryna seg, også fagleg.

Utviklinga av misjonsskolen mot slutten av 1800-talet

Då Karl Roll overtok som forstandar på Misjonsskolen i 1872, vart profilen på mange måtar tydeleggjort når det gjaldt den grad av lydnad som misjonselevane måtte underkasta seg. Nome karakteriserte han som «en meget alvorlig mann, men en overordentlig steil karakter». Dessutan var bakgrunnen som tukthusprest eigna til å «øve samme

73 Misjonsarkivet A-1045/D/Daa/L0002/01.

74 Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien: Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets forlag, 1959), 212.

75 Lars Dahle, *Tilbakeblikk* 1, 62-63.

absolutte regimente over sine nye undergivne: misjonselevne.»⁷⁶ Den illgjette Rolls husorden frå 1874 var eit ekstremt utslag av lydnad og ordensvilje. Sentralt stod ønsket om «at danne et Værn mot Misbrugen af den christelige Frihed».⁷⁷ Einar Molland plasserer Roll som ein karakteristisk «johnsonsk» prest, med kyrkjetukt som spesialfelt. Roll kom frå ein møblert heim i Trondheim, var belevn i selskapslivet under studiet, men hadde blitt gripen av vekkinga i Christiania. I Alta, kor Roll var prest, utmerka han seg som botspredikant.

Rolls dannelsesprogram er relativt omfattande og representerer eit bestemt innramming av den ideelle personlegdomen og korleis denne skal formast. Sjølvfornektning og verdsforsaking er sjølvagte utgangspunkt, men Roll har også ei eksegese av Paulus-ordet «Gled dykk!»: «Et trældomsaktig, misfornøiet og vrantent Væsen hører ikke hjemme paa Missionsskolen». På den andre sida måtte ein unngå «Hoffærdighet, Selvgodhed, Indbilskhed» osv. I tillegg blir det kravd «Stilfærdighed», og ein kvar form for «Ladhed, Lediggang, Fjas og Støi» skal ein elev halda seg borte frå.

Det interessante er kombinasjonen av fundamentalteologiske påstandar som «Fuldkommenhed kan ikke ventes af Syndere» «Liv i Aabenhed og Fortrolighed» og deira funksjon for å underbygge kulturell profilering. I spennet mellom den menneskelege natur og syndfridom, legg Roll vekt på «Skaansomhed og Fordragelighed» i foreining med «Aarvaagenhed og Nidkjærhed». Det er likevel implementeringa av kontrollregimet som er slåande. Den naudsynte «fortrolighed» som skulle prega livet på Misjonsskolen førte til at alle brev skulle lesast av forstandaren, som i kraft av sitt embete var tilnærma fri frå synd, skal ein tru Roll. Ein får inntrykk av at Roll ønskjer seg eit parallellsamfunn og at det finst sterke sekteriske trekk. Dersom misjonselevar skulle offentleggjera «Misligheder» ville det vera «et Forræderi mod vor Anstalt». Roll ville verken ha hyppige vitjingar av kjenningar inn til skolen eller at misjonsskolelevar skulle reisa ut av skolen.

I 1923 gav ein av lærarane på Misjonsskolen, Emil Birkeli, ut ei lita bok, eller snarare ein trykksak, med det forvitnelege namnet *Omkring Missionæren*. Her ville Birkeli svare på kva som kjenneteikna ein slik skapnad. Etter å ha understreka at misjonæren fyrst og fremst er ein evangelist, altså noko ganske anna enn ein kulturagent, kjem han inn på korleis misjonæren er behandla og forstått mellom tonegejvande litterære figurar i norsk allmente. Birkeli peika på at misjonærane hadde sleppt ganske lett frå det hjå diktarar som Bjørnson og Ibsen, i alle fall om ein likna dei med prestane. Det var annleis med den giftige Kielland, som i Dagbladet sommaren 1890 hadde

76 John Nome, *Det norske Misjonsselskaps historie, bind 1*, 314.

77 Rolls Husorden er trykt opp i Emil Birkeli og C. Tidemann Strand, *Kallet og veien. Det norske misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Stavanger: Misjonsselskapets Forlag, 1959), 214-224.

komponert dei såkalte Jæderbrev.⁷⁸ Her stod også artikkelen «Missionen», der Kielland hadde raljert over misjonsutdanninga:

At ville lære en flok unge mennesker op til billedhuggere vilde snart svinde ind til en latterlighed; men til missionær! Det ubestridelig sjeldneste av alt – bilder man sig ind at kunne utdanne unge personer, som melder at de har trang. Man indbyder dem som til hvilketsomhelst andet kursus, prøver dem og gaar saa igang med at lage missionærer!.⁷⁹

Birkeli beit seg merke i at Kielland såg på misjonsstudentane med lett erkjennelege, aristokratiske briller. Dei var «undermaals kulturutgaver» som knapt kunne utretta nokon ting, hevda Kielland.

Det er liten sandsynlighet for at de har faat nogen stor og høi horisont disse duelige klokker- og kirkesanger-elever som er udplekket inde i selve Missionsgaarden og som ikkje vet et grand om den civiliserte verden de forlater, og kven livet og livets erfaring ingenting har faat lært. Legges alt dette til den kundskap man har om selve utvælgelsens maate, de utvalgte kvalifikationer og tarvelige utdannelse, saa kan man vel med sikkerhet gaa ut frå at selve missionsarbeidet gjennomgaaende blir meget slet eller høist maatelig utført.⁸⁰

For mange var nok misjonsarbeidet «en social løftestang», på det punktet måtte Birkeli gje Kielland rett, men han streka under at ønsket om sosial klatring kunne vera bra. Ja, Birkeli gjekk til og med så langt som til å skriva at ein som trådde etter eit bispeembete trådde etter ein god ting.⁸¹ Det avgjerande var skilnaden på evangelium og kultur. Kielland hadde hevda at «Stavangermissionen» ikkje berre hadde brakt kristendom til Sør-Afrika og Madagaskar, men at innbyggjarane var utsette for kulturimperialisme. Ein ville – ifølgje Kielland – gjera

Zulukaffere og sakalaver til jærbuur og listerlændinger med suk og slæpetoner, patent-tro og kirkepolitik og uldskjærf.⁸²

Sjølv om Birkeli hevda at «den spesielle Stavanger-kultur eksisterer kun i disse herrers fantasi», gav Birkeli Kielland rett på eitt punkt. Ein kunne nemleg setja ord på den

78 Torstein Jørgensen, «En liten sommerdebatt om misjon. Dikteren Alexander Kielland i diskusjon med generalsekretær Lars Dahle», i *Misjon og teologi* 5-6 (1998/1999), 77-82.

79 Emil Birkeli, *Omkring Missionæren* (Stavanger: Missionstrykkeriet, 1923), 7.

80 Ibid, 8.

81 Ibid, 9.

82 Ibid, 13.

kulturelle ballasten som misjonærane bar med seg:

Den kultur man fører med sig er den norske vækkelseskristendom og den norske statskirkes liturgi og ritual, kun med nogen faa forandringer.⁸³

Birkeli var usamd med Kielland i at misjonen dreiv liturgisk eksport, og peika på at den kulturen som misjonærane bringa med seg var norsk vekkingskristendom og liturgien til statskyrkja. Denne dannelsesmerknaden er verd å merka seg. Poenget hans var nemleg at liturgisk liv ikkje var så viktig å bringa ut til misjonsmarka, det var jo også lite forstått i opphavlandet Noreg.

Danning av den enkelte misjonær

Lærarkollegiet for det 13. kull bestod av fire personar. Forstandaren, den 56 år gamle Hans Dop Smith, var cand. theol. frå Universitetet i Oslo og tidlegare misjonær på Madagaskar. Smith var frå gammal presteslekt, faren var sokneprest i Vinje i Telemark. Han underviste i misjonsfaga. Den 36 år gamle Eivind Amdahl var cand theol frå Menighetsfakultetet og hadde overteke som generalsekretær i NMS to år tidlegare. Amdahl var utprega akademisk vesen og underviste i kyrkjhistorie og Det gamle testamente. I tillegg hadde Amdahl spurt den 78-år gamle misjonshøvdingen Lars Dahle om å halde førelesingar over profeten Jona. 47-åringen Emil Birkeli vart uteksaminert frå misjonsskolen i 1902 og sendt til Madagaskar. Frå 1921 var han tilsett ved misjonsskolen og underviste i religionshistorie og misjonshistorie. Til sist underviste Andreas Jakobsen, ein 38 år gammal cand. theol. frå Menighetsfakultetet, i nytestamentleg eksegeese og dogmatikk. Akkurat i denne perioden skjer det altså eit skifte der lærarkollegiet i større grad blir prega av MF-teologar.

Studentane skulle i tillegg til teologien ha allmenndannande fag som geografi, naturfag og språkkunnskap. Det springande spørsmålet for institusjonsutviklinga var: Korleis skulle dei ulike elementa i misjonærdanninga vektast? Kva var det eigentleg å vera “skikka til misjonsprest”? For kort å kasta litt lys over dette når det gjeld ordinandane frå 1924 har eg vore nede i misjonsarkivet og funne fram dokument som seier noko om vurderingane av studentane, nemleg rapportane frå lærarar og forstandar på Misjonsskulen. Dei skreiv nemleg årlege rapportar om korleis progresjonen var blant studentane. Eg vil trekka fram ein av desse, nemleg den seinare kinamisjonæren, Olav Aarflot, far til seinare Oslo biskop Andreas Aarflot.

I rapporten frå 1923 heiter det. «Aarflot har meget gode evner, særlig er han receptivt begavet. Han er endnu noget umoden. Svært interesseret. Han er godt musikalsk begavet. Han er en behagelig og tiltalende elev.» I det påfølgjande året I 1924 var ikkje vurderinga like god. Om Aarflot skreiv dei fylgjande i «Uttalelse om eleverne i theologklassen på Missionsskolen»

83 Ibid, 14.

- confr. uttalelsen av 1923 med følgende tillæg: "Aarflot kan ikke siges at ha indfriet de løfter, som hans begavelse stillet i utsigt. Han synes neppe at ha vist den interesse for studiet som hans evner og anlæg kunde lægge nær." Forstanderen, Hans Dop Smith tok dissens på dette tillegget, idet han meinte, at når Aarflot «ikke var nåd så langt som vi hadde ventet, [...] at han ved hodepine hadde vært hindret meget i sin læsning." Smith viste til vurderinga året før, og vart ståande ved denne. Dette viser at lærarane hadde ulike vurderingar og at grensa mellom sjukdom og latskap ikkje var så lett å trekka, den gongen som no.

Eit anna eksempel på at vurderingane sprika finn ein når det gjeld studenten Racin Kolnes. I ei fråsegn frå 28. mars 1924 heiter det

Istedenfor sidste sætning i forrige uttalelse vil Amdahl, Birkeli og Jakobsen sætte følgende: Han viser megen freidighet og har et let og elskværdigt lynne. Dette har dog med ført at han av og til har tat sine plikter, og de oppgaver der har påholdt han i skolearbeidet for let. Det vilde være ønskeligt at Kolnes viste mer ansvarsfølelse og ihærdighet overfor betydningsfuldere opgaver [og] situationer, noget som han også i den senere tid har begyndt at lægge for dagen. Smith dissenterer fra tillægssuttalelsen, idet han blir stående ved uttalelsen av 1923.

I 1923 hadde ein samla kommisjon uttalt seg positivt om Kolnes. Smith meinte sannsynlegvis at dei kritiske merknadane burde bli sett i lys av andre sider av personlegdomen. Problemet er at ei fyldig utgreiing manglar frå Smith si side. Som forstandar hadde han eit anna blikk for ein større del av registeret til misjonselevane.

Ei sak var medfødde evner og anlegg, noko anna var karakterdanning og gjennomføringsvilje. Det heitte for eksempel om Karl Levinsen, ein av ordinandane som reiste til Madagaskar, at evnene «er ganske almindelige». Men, skriv lærarane, Levinsen «arbeider svært jevnt og samvittighetsfuldt» og «har en helt igjennem god karakter». Lærarane beit seg merke i at Espedal er «litt taus og tung», men la straks til at han er meget flittig og hans forhold er i enhver henseende utmerket». Ein kan altså sjå at danninga av misjonsstudentar hadde fleire komponentar enn berre den faglege, teologiske sida. Men desse få eksempla viser også kor vanskeleg det er å vurdere slike sider ved eit menneske. Det er lett å bli samde om at danning både har ein fagleg og personleg komponent, at «skikkethet» er viktig. Vanskane kjem når dette skal få konkrete følgjer på bakken. I tillegg skal jo dette også vera tekstar som fleire av lærarkreftene skal einast om.

Nokre saker var enklare enn andre. Det er ingen tvil om at Thorvald Foss hadde skaffa seg tiltru i leiinga, trass i at han ikkje hadde mykje skulegang. I fråsegna frå 28. mars 1924 heiter det: "Hans mangelfulde fordannelse har gjort det vanskelig for ham under studiet at yde det, som hans utmerkede evner og sterke interesse i og for sig kunde ha vente. Han vil dog bli blandt vore dygtigste folk og har gjort sine saker godt." Kva skulle ein gjera med svake studentar? Johan Jørgensen, son av trykkeribestyrar

Thomas Jørgensen, var ein slik svak student, dersom ein skal tru kjeldene. I vurderinga frå 1923 skreiv lærarane

Jørgensen har ikkje hat let for at tilegne sig kundskaper. Særlig har han store vanskeligheter med sprog. Han står meget tilbake, hvad skolens teoretiske arbeide angår, likesom han i åndelig henseende er noget uutviklet. Derimod har han utpregede praktiske interesser og anlæg. Han er musikalsk. Han er en meget tjenestvillig og elskværdig elev. I den senere tid har han vært meget plaget av hodepine, vistnok på grunn av overanstrengelse. Vi ønsker at gjøre hovedstyret opmerksom på, at Jørgensen med hensyn til kundskaper, åndelig arbeidskraft og personlig utvikling står så dårligt, at skulde der tas hensyn bare til disse ting, måtte vi helt fraråde at han sendtes ut til missionsmarken. På den anden side må der taes i betraktning, at han er personlig elskverdig, har evne til at vinde mennesker personlig og god evne og vilje til at ta fat i det almindelige arbeidsliv. Vi er da allikevel av den tro, at han kan bli brukbar i arbeidet på missionsmarken.

I 1924 var ikkje Jørgensen mellom dei som knelte ned i St Petri. Fleirtalet av lærarkollegiet hadde nemleg vedteke fylgjande fråsegn: «Trods Jørgensens gode sider – han har i den senere tid tat sig noget mere saman i studiet – finder man ikke at kunne anbefale ham til ordination og utsendelse. Man anser ham for en svak personlighet, så vel kristeligt som intellektuelt; og man kan ikke finde, at han besitter de egenskaper, som det norske missionsselskap må kreve av sine utsendinger. Man forstår, at selskapet i tilfelde han ikke blir ordinert og utsendt, gjør kva det kan for at hjelpe han over i en ny livsstilling. Det er ret og billigt, al den stund han har vært så længe på skolen.»

Mindretallet, forstander Smith, uttalte

Jørgensen har ikkje hat let for at tilegne sig kundskaper. Han har også av hodepine vært hindret adskillig i sin læsning. Han står derfor nokså meget tilbake, hvad skolens teoretiske arbeide angår. Særlig er han svak i græsk. Han er dog i henseende til kundskaper ikke den, som står svakest. I åndelig henseende er han endnu noget uutviklet. Men på den anden side er han i besiddelse av egenskaper, som efter min mening er av stor betydning for en missionær: Han er meget hændig og praktisk, er tjenestvillig og elskværdig, har evne til at vinde mennesker personlig og god evne og vilje til at ta fat i det almindelige arbeidsliv. Hertil kommer at han er musikalsk begavet. Jeg er ikke i tvil om, at han er en personlig kristen. Jeg anbefaler ham derfor til ordination sammen med de andre elever.»

Smiths dissens illustrerte kor ulikt lærekreftene ved Misjonsskolen vekta komponentane i danninga. Der fleirtalet konkluderte at Jørgensen hadde ein svakt utvikla personlegdom, både intellektuelt og kristeleg, der trekte Smith fram andre sider ved

personen. Smith sa seg rett nok samd i at Jørgensen hadde store hol i den akademiske delen av danninga, men peika dei praktiske og handverksmessige evnene og at han hadde eit vinnande vesen. I tillegg peika han på dei musikalske evnene. Det siste er kanskje litt overraskande, ettersom musikalsk danning ikkje vart vektlagt i det formelle vurderingsgrunnlaget. Etter eit ekstra år ved misjonsskolen vart Jørgensen sendt ut til Madagaskar.

Konklusjon

Misjonærene som vart ordinerte i 1924 stod i ein lang danningstradisjon med eit heilt spesiell innramming for deira misjonsteneste. Her var det innslag av luthersk universitetsteologi, asketisk livsførsel og sterk grad av overvaking. Graden av personlegdomskalibrering endra seg noko over tid – med eit autoritært høgdepunkt under forstandar Karl Roll på 1870-talet – men har alltid hatt ein komponent av balansering mellom ulike omsyn. At teologiutdanninga ved institusjonen hadde eit «vidare sikte» enn bokleg lærdom er heva over tvil.

Misjonær i tretti år – fekk det konsekvensar for misjonsforståinga?

Karen Margrete Eikenes Mestad,
VID vitenskapelige høgskole

Abstract

In this article, various missiological questions are examined based on two historical texts authored by the missionary pastor Arne Moen. Arne Moen was one of 18 students from the School of Mission in Stavanger who were ordained as missionary pastors in June 1924. By analysing the sermon he delivered at St. Petri church in Stavanger in 1924, and the annual report he wrote from Madagascar South Inland in 1954, we find that there is a continuity in his understanding of mission throughout these 30 years. He continued to assert that Christ is the only way to salvation, and that the message of him must be preached. At the same time, it appears that 30 years of missionary service have nuanced some of the statements he made in 1924. Among other things, it seems that his understanding of what it means to preach Christ had a broader meaning in 1954 than it did in 1924. For instance, he argues that education has an important role in mission. In the sermon, he stated that the message he was to convey was not European culture, but Christ. Nevertheless, his argumentation for schoolwork indicates that a form of civilization was part of the mission work.

Samandrag

I denne artikkelen blir ulike missiologiske problemstillingar undersøkt ut frå to historiske tekstar ført i pennen av misjonsprest Arne Moen. Arne Moen var ein av 18

misjonsstudentar frå Misjonsskolen i Stavanger som vart ordinert til misjonsprestteneste i juni 1924. Ved å analysere preika han heldt i St. Petri kyrkje i Stavanger i 1924, og årsrapporten han skreiv frå Sørinnlandet krins på Madagaskar i 1954, finn vi at det er ein kontinuitet i misjonsforståinga hans gjennom desse 30 åra. Han heldt framleis fram at Kristus er den einaste vegen til frelse, og at budskapen om han må forkynnast. Samstundes ser det ut for at 30 års misjonsprestteneste har nyansert nokre av utsegnene han kom med i 1924. Det kan mellom anna sjå ut for at forståinga hans av kva det vil seie å forkynne Kristus har fått ei vidare tyding i 1954 enn det hadde i 1924. Mellom anna argumenterer han for at skulearbeidet har ein viktig plass i arbeidet. I preika slo han fast at budskapen han skulle gå med ikkje var europeisk kultur, men Kristus. Likevel viser mellom anna argumentasjonen hans for skulearbeidet at ei form for sivilisering inngjekk i misjonsarbeidet.

Søkeord: Misjonsforståing, Arne Moen, Madagaskar, misjonshistorie.

18 studentar frå Misjonsskolen i Stavanger vart ordinerte til misjonsprestteneste i St. Petri kirke 28. juni 1924. Ordinanden som fekk det ærefulle oppdraget å preike på denne gudstenesta var misjonsstudent Arne Moen frå Sparbu i Trøndelag. Året etter at han vart vigsla til misjonsprest reiste han og kona Ragna Lovise, fødd Nesjan, til Madagaskar som misjonærar for Det Norske Misjonsselskap (NMS). Dei tenestegjorde på Madagaskar over eit tidsrom på nærare 30 år. I denne artikkelen analyserer eg to tekstar ført i pennen av Arne Moen; preika han heldt i St. Petri kirke i 1924 samt den siste årsmeldinga han skreiv om arbeidet han var ein del av på Madagaskar. Denne artikkelen søkjer å svare på følgjande spørsmål: Korleis kjem missiologiske problemstillingar til syne i Arne Moen si preike ved vigslinga i 1924, og i årsrapporten han skreiv for Sørinnlandet krins på Madagaskar for året 1953?

Då Arne Moen heldt preika i St. Petri var han 26 år gamal og nyutdanna frå Misjonsskolen i Stavanger. I 1954 var han blitt 30 år eldre og hadde røynt misjonærlivet på Madagaskar. Ved valet av desse to tekstane på starten og slutten av Arne Moen si misjonærteneste er det mogleg å sjå både samanhengar og endringar i misjonsforståinga hans.

Dei to tekstane eg har valt å analysere, er svært ulike og representerer ulike sjangrar. Ei preike har som hovudføremål å forkynne, og blir i den lutherske tradisjonen karakterisert som eit nådemiddel. Nordhaug skriv dette om preika: «Gjennom det muntlige, forkynte ordet kommer den oppstandne Kristus til sin menighet i dag, og han kommer med sine gaver; syndstilgivelse, tro, håp og hva godt som ellers kan nevnes.»¹ Som Nordhaug påpeikar, er preika ei munnleg tale, og denne uttrykker ei særleg form for

1 Halvor Nordhaug, ... *Så mitt hus kan bli fullt: En bok om prekenen* (Oslo: Luther forlag, 2000), 20.

samtidighet.² Ei preike føregår på ein bestemt stad og i ein gitt kontekst. Arne Moen framførte preika munnleg, men det eg analyserer er den skriftlege gjengjevinga av preika slik vi finn den i avisa Stavangeren.³

Årsrapporten for Sørinnlandet krins på Madagaskar for 1953, ført i pennen i 1954 av tilsynsmann Arne Moen, tilhøyrer ein heilt annan sjanger med eit anna sikte. Som Skeie påpeikar, tilhøyrer arkivmaterialet frå misjonærane ulike sjangrar. Årsrapportar er éin av dei.⁴ Det var tilsynsmannen si oppgåve å skrive ein årleg rapport frå arbeidet på bakgrunn av visitasar til dei ulike misjonærane og kyrkjelydane samt misjonærane sine dagbøker og rekneskap. Tilsynsmannen skulle så vidaresende ein samla rapport til misjonærkonferansen og hovudstyret i NMS.⁵

At dei to tekstane er så ulike er bakgrunnen for at eg har valt formuleringa ‘missiologiske problemstillingar’. Den vide termen missiologi inkluderer både misjonshistorie, misjonsteologi og misjonsstrategi.⁶ Problemstillinga i denne artikkelen inkluderer alle delane av missiologien. I utgangspunktet er dette eit misjonshistorisk studie av to tekstar. Men som eg viser, rommar preika tydelege misjonsteologiske spørsmål medan årsrapporten har ei sterkare vektlegging av og speglar misjonsstrategiske problemstillingar.

For å kunne svare på problemstillinga vil eg først gi eit riss av Arne Moen sitt liv og virke før eg gir ein kort presentasjon av dei to kontekstane desse tekstane vart til i. Først vil eg seie noko om den kyrkjelege konteksten i Noreg i 1924 før eg gir eit kort historisk riss av misjonsarbeidet på Madagaskar og den kyrkjelege konteksten misjonærrapporten frå 1953 er skriven i.

Arne Moen

Arne Moen var fødd i Sparbu i Trøndelag 23. desember 1897. Han var bondeson, og i følge ein av attestane han la ved søknaden til Misjonsskolen i Stavanger, høyrde han til i ein evnerik syskenflokk.⁷ Etter åtte år på folkeskulen, eit fire månaders kurs ved

2 Ibid., 25-26.

3 *Stavangeren*, 30. juni 1924, 2.

4 Karina Hestad Skeie, “Misjonsmateriale som historisk kilde,” *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap* 62, no. 2 (2008): 92.

5 *Instruks for Det norske misjonsselskaps misjonærer*, (Stavanger: Det norske misjonsselskaps trykkeri, 1931), §12, 2.6. Sjå Kristin Fjelde Tjelle sin artikkel om rammene for misjonsprestar si prosesjonsutøving. Kristin Fjelde Tjelle, “Rammer for misjonsprestens profesjonsutøvelse på 1920-tallet,” *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap* 79, no. 1 (2025).

6 Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsviken, and Knud Jørgensen, “Innledning,” i *Missiologi i dag*, red. Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsviken og Knud Jørgensen (Oslo: Universitetsforlaget, 2004), 16-17.

7 Attest frå Ola J. Ryan, 1920. Misjons- og diakoniarkivet (MDA), VID-MA-A-1063-D-L1959-2

Sparbu framhaldsskule,⁸ eit seks månaders kurs ved Sund folkehøgskole, og ein vinter som lærar i folkeskulen, sendte han 30. juli 1920 søknad om opptak til Misjonsskolens «ekstra-kursus».⁹

I oktober 1920 vart Arne Moen tatt opp på Misjonsskolen, og han vart ein del av det som seinare har blitt omtala som hastverksskullet eller ekstraskullet ved skulen.¹⁰ Dette kullet vart tatt opp utan eksamen artium. Første året tok dei middelskuleeksamen før dei vart overført til teologisk avdeling året etter. Generalsekretær i NMS og lærar ved Misjonsskolen, Einar Amdahl, uttalte om Arne Moen som student: «Moen er en meget solid karakter med meget gode evner og er kommet langt i sine studier. Han er en dyp-natur og har adskillig poetiske anlæg. Særdeles behagelig at ha med at gjøre. Her gir meget gode forhåbninger.»¹¹

Året etter at Arne Moen vart ordinert i St. Petri kyrkje i Stavanger gifta han seg med Ragna Lovise Nesjan frå Frol i Trøndelag. Ho hadde eit års sjukepleieutdanning.¹² Dei to reiste saman til Madagaskar same året. Misjonærrapportar og referat frå misjonærkonferansar på Madagaskar teiknar eit bilde av kva arbeid han var involvert i. Første gong Moen er nemnt i ein misjonærrapport blir dei ynskt velkommen til ein lang arbeidsdag på Madagaskar.¹³ Det første oppdraget han får er å følge opp byggearbeida som blir gjort på Antsirabe.¹⁴ Året etter blir han plassert på katekistskulen i Vangaindrano på Austkysten av Madagaskar. Arne og Ragna Moen var lenge på Austkysten, og dei hadde ulike tenestestadar i landsdelen; Vangaindrano, Faranfanga og Manakara.

Frå slutten av 1932 til byrjinga av 1934 var Ragna og Arne Moen på heimeopphald i Norge. Då dei kom tilbake var han blitt vald til tilsynsmann for den nyoppretta konferansekrinsen på Austkysten.

Arne Moen var framleis tilsynsmann på Austkysten då andre verdskrig braut ut. Då Noreg vart invadert stoppa sambandet og kommunikasjonen med heimlandet.

8 Vitnemål frå Sparbu framhaldsskule. MDA, VID-MA-A-1063-D-L1959-2

9 Søknad frå Arne Moen, 30. juli 1920. MDA, VID-MA-A-1063-D-L1959-2

10 Emil Birkeli and C. Tidemann Strand, *Kallet og veien. Det Norske Misjonsselskaps misjonsskole 1859-1959* (Misjonsselskapets forlag, 1959), 108-15.

11 Amdahl i "Uttalelse om eleverne theologiklassen på Missionsskolen." 22.08.1923.

MDA, VID-MA-A-1063-D-L1959-1. Joar Haga går i ein annan artikkel i dette nummeret av NTM nærare inn på desse læraruttalene som ein del av danninga av studentane ved Misjonsskolen. Joar Haga, "Misjonsskole og danning," *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap* 79, no. 1 (2025).

12 *Guds høstfolk: Det norske misjonsselskaps misjonærer 1842-1977*, (Stavanger: Det norske misjonsselskap, 1977).

13 "Referat av 49de konferenses forhandlinger paa Antsirabe 7-20 mars 1926," (Tananarive: Imprimerie de la Mission Norvégienne, 1926), 3.

14 Som Kristin Fjelde Tjelle påpeikar, var det (den mannlege) misjonspresten som hadde definerte arbeidsoppgåver. Tjelle, "Rammer for misjonsprestens profesjonsutøvelse."

Pengeforsendingane frå NMS stoppa. Men bortsett frå noko dårlegare økonomi og avgrensa kontakt med heimlandet, så speglar rapportane frå dei første krigsåra at det går godt i arbeidet. Kyrkjelydar tek ansvar for eigen økonomi, arbeidet får økonomisk støtte frå andre stader, og det er vekkingar i nye område.¹⁵ Men fleire misjonærar fekk helseutfordringar, og klimaet på Austkysten var krevjande. På misjonærkonferansen i 1943 fekk Arne Moen eit års permisjon frå tilsynsmannsoppgåva på grunn av helseilstanden til Ragna. Dei flytta til Innlandet der klimaet var betre. Så langt kreftene tillèt skulle Arne Moen undervise på presteskulen i Fianarantsoa. Då det eine året var omme hadde dei framleis bruk for han på presteskulen. Han underviste difor der til september 1945.

Etter krigen greidde NMS å skaffe eit fly som frakta misjonærar heim til Noreg.¹⁶ Ragna og Arne Moen kom med på den andre turen frå Madagaskar til Noreg allereie hausten 1945.¹⁷ Det tyder på at helseilstanden deira ikkje var god, for nokre misjonærar måtte vente heilt til 1948 før dei fekk reise til Noreg igjen.¹⁸

Sommaren 1948 reiste dei ut igjen. Av omsyn til Ragna si helse fekk dei ikkje reise attende til Aust-Madagaskar, og dei reiste til Madagaskar Innland «på egen risiko»¹⁹ Medan dei venta på at Arthur Snekkenes, som vart valt til tilsynsmann for Madagaskar innland, Skogen og Bara, skulle kome attende til Madagaskar etter Noregsopphald, hadde Arne Moen denne oppgåva.²⁰ Han vart også valt som styrar for presteskulen i Fianarantsoa.²¹ I to år var Ragna og Arne Moen og tilsynsmannsfolk i Tananarive. Denne tida blir av Gunnar Andreas Meling²² skildra som eit omflakkande og strevsamt liv i ei vanskeleg og problemfylt tid på Madagaskar.²³

Ragna og Arne Moen fekk ikkje barn. Det er ikkje så lett å spore kva rolle Ragna hadde i ulike samanhengar, men at Ragna har vore ei viktig støtte for mannen sin var tydeleg. I brev Arne Moen skreiv heim til generalsekretær Amdahl skreiv han under

15 Kjetil Aano, «Madagaskar i krig,» i *I tro og tjeneste. Det Norske Misjonsselskap 1842-1992*, red. Torstein Jørgensen (Stavanger: Misjonshøgskolen, 1992), 357-61.

16 «Den vanskelege overgangen,» 363.

17 «Referat fra forhandlingene paa 13de konferanse for Øst-Madagaskar holdt i Vangaindrano 1.-17. mai 1946,» (Kragerø 1946).

18 Aano, «Den vanskelege overgangen,» 363.

19 Brev frå Arne Moen til misjonssekretær Skauge datert 27. oktober 1955. MDA, VID-MA-A-1045-D-Db-Dbb-L0719-7

20 «Referat fra Madagaskar Innlands konferanseforhandlinger 71. konferanse 11.-24. april 1948. På Antsirabe.» «Referat fra konferansen for Madagaskar Innland, Skogen og Bara. 72. konferanse. På Antsirabe 27. mars - 11.april 1949.»

21 «Referat fra konferansen for Madagaskar Innland, Skogen og Bara. 73. konferans på Antsirabe mars 1950,» 2

22 Mellom anna tidlegare Madagaskarmisjonær, heimesekretær og litteraturssekretær i NMS.

23 Nekrolog Ragna Moen, G.A.M., «Dødsfall,» *Norsk Misjonstidende* 1971.

og helste både frå seg sjølv og Ragna. Og i nekrologen til Ragna står det: «I alt dette fikk fru Moen stå ved sin manns side som en god medarbeider, helst i det stille,- og slik fikk hun også vinne mange gasseres vennskap og takknemlighet. For oss misjonærer var det alltid som å komme til en fredet plett midt i arbeidsjaget når vi under reiser fikk ta inn i Moens lune hjem der ute. Vi hadde mange rike, gode minner fra samvær i dette hjem.»²⁴

Den siste årsrapporten Arne Moen skreiv var i 1954. Same året reiste dei to heim til Noreg. Det viste seg å vere for godt. For sjølv om dei nok kunne tenke seg å reise ut igjen, måtte dei innsjå at deira tid på Madagaskar var over. I brev til misjonssekretær Skauge i 1955 skildrar Arne Moen avreise frå Madagaskar slik: «Selv om det ikke ble sagt eller bestemt noe videre ved vår avreise fra Madagaskar, måtte vi selv allerede da regne med den mulighet at vår tjenestetid på Madagaskar var slutt. Men vi orket ikke si farvel for godt til Solskinnsøya».²⁵ I same brevet klargjorde Arne Moen at dei ikkje kom til å reise ut igjen. Grunngevinga var ein kombinasjon av sjukdom og alder. Han sleit med hudsjukdom på begge beina, og måtte jamnleg ha behandling. Denne fotskaden hadde også gjort at han dei siste tre åra på Madagaskar hadde slite med å utføre alle reisene som hørde til tenesta. Men, som han skriv, «Om Gud gir liv og helse i noen år framover, håper jeg også etter endt ferietid å få lov til å reise litt for N.M.S her i heimlandet.» Etter ei lengre sjukmelding var han aktiv i heimetenesta og i reiseverksemd for NMS – og ivrig etter å oppdatere seg på arbeidet på Madagaskar.²⁶

Han vart pensjonist 1. november 1966. Arne Moen døydde 8. september 1971. Kona Ragna døydde 8. mai 1978.²⁷

Teologiske og kyrkjelege straumdrag i mellomkrigstida i Noreg

I denne korte gjennomgangen vil eg fokusere på kyrkjelege og teologiske straumdrag i Noreg i mellomkrigstida. Dette fungerer som eit bakteppe for å kunne analysere preika Arne Moen heldt i St. Petri kyrkje i juni 1924.

På byrjinga av 1900-talet vaks det fram fleire folkerørslar som på ulike måtar prega samfunnet; avhaldsrørsla, målrørsla og arbeidarrørsla.²⁸ Oftestad, Rasmussen og Schumacher karakteriserer også den pietistiske lekmannsrørsla som ei folkerørsla. Denne rørsla var sterkt prega av tradisjonen frå Pontoppidan og Hans Nielsen Hauge

24 Nekrolog Ragna Moen ibid.

25 Arne Moen, brev til Skauge 27. oktober 1955. MDA, VID-MA-A-1045-D-Db-Dbb-L0719-7

26 Arne Moen, brev til Skauge 22. februar 1956. MDA, VID-MA-A-1045-D-Db-Dbb-L0722-2. Ut frå årsmeldingar til Trøndelag krets kan vi lese at Moen var utsending for Landsstyret.

27 G.A.M., “Dødsfall.”

28 Carl Fr Wisløff, *Norsk kirkehistorie III*, vol. 3 (Oslo: Lutherstiftelsen, 1971), 215.

i tillegg til vekkingar mot slutten av 1800-talet.²⁹ Utover på byringa av 1900-talet opplevde dei frivillige kristne organisasjonane stor vekst.³⁰ NMS var ein av desse. Tjelle gir, i hennar artikkel i dette nummeret av NTM, eit inntrykk av kva rolle og posisjon NMS hadde i samfunnet generelt, og i Stavanger spesielt.³¹ I vekkingstrøslene var det ei vekt på å forkynne evangeliet slik at den enkelte kom til tru. Dette prega også misjonsforståinga og misjonsstrategien på denne tida.³²

Den såkalla professorstriden på teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo på byringa av 1900-talet innleia på mange måtar kyrkjestriden som følgde dei neste tiåra.³³ Tilsetjinga av Johannes Ording ved Teologisk Fakultet og ringverknadane av denne førte til opprettinga av Menighetsfakultetet. Ording avviste mange av dei kristne dogma, mellom andre treeiningslæra, læra om Kristi to naturar, Kristi preeksistens, jomfrufødsel og Jesu lekamlege oppstode.³⁴ Dåpssynet hans avveik frå Augustana og den vesle katekisma då han hevda at det ikkje var frelse i dåpen.³⁵ Den liberale teologien hadde fleire talspersonar og etter kvart var det mange prestar som kunne nemnast liberale. Debatten kring vedkjenningane prega mellomkrigsåra.³⁶

Som eit svar på den liberale teologien fann det store møtet i Calmeyergata stad i 1920. Dei som var samla der avla ei samla vedkjenning til det kyrkjelege vitnesbyrdet om Kristus slik det var gitt i Apostolikum. Oftestad, Rasmussen og Schumacher hevdar at Calmeyergatemøtet i første omgang skjerpa kyrkjestriden.³⁷ Men det var denne linja som vart dominerande utover på 20-talet.³⁸

Misjonsarbeidet på Madagaskar

Eg gir her ein kortfatta presentasjon av misjonsarbeidet på Madagaskar fram mot det tidsrommet Arne og Ragna Moen tenestegjorde der. I analysedelen vil eg så gå nærare inn i konteksten og aktuelle problemstillingar.

Då Arne og Ragna Moen kom til øya i 1925 hadde NMS hatt arbeid der i nærare 60 år. Dei første NMS-misjonærane kom til Madagaskar i 1866,³⁹ og arbeidet starta opp

29 Bernt T. Oftestad, Tarald Rasmussen, and Jan Schumacher, *Norsk kirkehistorie*, 2. utg. red. (Oslo: Universitetsforl., 1993), 254.

30 Wisløff, *Norsk kirkehistorie III*, 3, 200-22.

31 Tjelle, "Rammer for misjonsprestens profesjonsutøvelse."

32 Brynjar Haraldsø, *Kirke og misjon gjennom 2000 år: Kirke- og misjonshistorie* (Oslo: Lunde, 1997), 272.

33 Oftestad, Rasmussen, and Schumacher, *Norsk kirkehistorie*, 242.

34 Wisløff, *Norsk kirkehistorie III*, 3, 156.

35 Ibid., 148-50.

36 Ibid., 148-59. 201. 45-66.

37 Oftestad, Rasmussen, and Schumacher, *Norsk kirkehistorie*, 248.

38 Ibid., 250.

39 Torstein Jørgensen, "De første 100 år," i *I tro og tjeneste. Det Norske Misjonsselskap 1842-1992*, red. Torstein Jørgensen (Stavanger: Misjonshøgskolen, 1992), 41.

i Betafo, ein by i innlandet, i 1867.⁴⁰ Trass i at dei tre første tiåra var prega av politisk uro, og av at Madagaskar vart fransk koloni i 1895,⁴¹ så var dette ein periode med vekst og framgang for misjonsarbeidet på Madagaskar. I denne perioden auka misjonærtallet på Madagaskar frå 16 til 106, og arbeidet vart utvida frå innlandet til vestkysten i 1874 og til austkysten (Vangaindrano) i 1888.⁴²

Vestkysten vart ein sjølvstendig konferansekrins i 1878.⁴³ Eit liknande vedtak vart gjeldande for austkysten i 1897, men dette fungerte dårleg, og arbeidet på austkysten vart difor innlemma i innlandskrinsen igjen til 1933,⁴⁴ då Arne Moen vart vald til første tilsynsmann for krinsen.

Personalsituasjonen på Madagaskar var svært krevjande etter første verdskrig. Dersom NMS skulle greie å halde arbeidet på Madagaskar ved like, måtte det ekstraordinær innsats til. Dette var bakgrunnen for at alle kandidatane frå det 11. kullet ved Misjonsskolen vart sendt til Madagaskar i 1920, og for at Misjonsskolen same året tok opp ekstrakullet som Arne Moen var ein del av.⁴⁵

Misjonærane som tenestegjorde på Madagaskar, var, til liks med andre misjonærar utsendt av NMS, bundne av misjonærinstruksen. Arne og Ragna Moen var heile misjonærtida si bundne av misjonærinstruksen som vart vedteken på NMS si generalforsamling i 1924.⁴⁶

Preika i St. Petri kirke i 1924

Preika Arne Moen heldt i St. Petri kirke i 1924 er gjengitt i heilskap i avisa Stavangeren.⁴⁷ Det er denne utgåva eg vil analysere i denne artikkelen. Men det er også verd å merke seg at preika gjorde inntrykk på tilhøyrarane. Redaktør Hustad i Brønnøysund Avis skriv følgjande om preika:

Paa en høist tiltalende, særdeles opbyggende og grei maate tolket den unge prest livets evangelium, saa det var en fryd at høre. For mig som oprindelig indtrønder var det kanske ennda mere gjildere og gripende end for mange andre at høre Moens

40 Ibid., 43.

41 Ibid., 52.

42 Ibid., 55.

43 Ibid., 57.

44 Ibid., 61; Gabriel Nakkestad, *Med smil i gråt på Øst-Madagaskar* (Oslo: Luther forlag, 1978), 98.

45 Jørgensen, "De første 100 år," 127.

46 *Instruks for Det Norske Misjonsselskaps misjonærer*. For ein grundigare presentasjon av misjonærinstruksen og det som vart vedtatt på NMS si generalforsamling i 1924, sjå Tjelle, "Rammer for misjonsprestens profesjonsutøvelse."

47 *Stavangeren*, 30. juni 1924.

herlige, varme og ungdomsfriske vidnesbyrd ved denne anledning.⁴⁸

Bibelteksten Arne Moen tok utgangspunkt i var Paulus sine ord frå 1. Korinterbrev 1, 17-25 – om Guds visdom og menneskevisdom. Dette er ikkje ein av dei oppsette kyrkjeårstekstane verken for søndagen før eller for gudstenesta dagen etter.⁴⁹ I og med at ordinasjongudstenesta vart halden på ein laurdag, ser det ut for at preiketeksten denne dagen er ein fritt valt tekst. Om det er Arne Moen som sjølv har valt teksten, eller om han har blitt bedt av nokon andre om å tale over akkurat denne teksten, veit vi ikkje.

Predikanten sa at han har Paulus som førebilete når han proklamerer at han er sendt for å forkynne Kristus. Fokuset er på Kristus. Arne Moen kombinerer ein gjennomgang av kven Kristus er og kva han har gjort med eit personleg vitnesbyrd. For ei meir enn fullsett kyrkje gir han på mange måtar ei programerklæring for både si eiga og kullingane si misjonærpresteneste;

Vi er en stor flok unge mænd, som i dag har faat vigsel til Kristi teneste. Maatte vi da faa naade til at male Kristus for folkene. At hele vort liv derute – i ord og gjerning – maatte ha denne overskrift: Vi forkynder Kristus! Forkynder ham slik som vi har lært ham at kjende i det personlige samliv med ham, og slik som han lyser os i møte ut fra den hellige skrift.

I analysen fokuserer eg på tema og utsegner i preika som viser den misjonsteologiske forståinga Arne Moen representerer. Det første som er heilt tydeleg, er fokuset på Kristus som einaste vegen til frelse. Dernest ser eg nærare på kva han forstår som misjonen sitt oppdrag. I tillegg vil eg røre ved korleis han fokuserer på alle sitt kall til teneste og deltaking i oppdraget. Til slutt ser eg nærare på korleis han i denne preika uttrykker ei forståing av at evangeliet er noko som blir formidla frå den kristne til den ikkje-kristne delen av verda.

Kristus - einaste vegen til frelse

Arne Moen slår fast at: «Hovedsummen I vor tekst er denne: Overfor al verden, med al dens visdom og klokskap, forkynder jeg Kristus som eneste vei til frelse.»

Vidare i preika går han gjennom kven Kristus er og kva han har gjort. Han peikar på at Jesusbarnet som vart fødd, var frelsar. Han framhevar også Jesus som det sanne mennesket som eit ideal for korleis livet skal levast. Dernest peikar han på Kristus som krossfest. Kristus gav seg sjølv for å frelse dei som er fortapt. Og Kristus er den oppstadne som gir håp i møte med døden. Til sist peikar han på at Kristus sit ved

48 M. Hustad, "Generalmøtet i Stavanger. Oplevelser og indtryk," *Brønnøysund. Upolitisk Organ for Søndre Helgeland*, Mandag 11. august 1924 1924, 1.

49 *Det Nye Testamente*, (Kristiania: Det Norske Bibelselskabs forlag, 1904).

Faderens høgre hand, at han har all makt i himmel og på jord, og at han vil dra menneska nærare seg.

Arne Moen legg her vekt på ei kristologisk forståing av misjon. Det Moen framhevar samsvarer godt med også det notidige misjonsteologiar fokuserer på når det gjeld Kristus si rolle i misjon.⁵⁰ Men når Arne Moen vektlegg Kristus som einaste vegen til frelse, og at det er denne budskapet desse misjonsprestane skal gå med, impliserer dette at han tydeleg tek stilling og posisjonerer seg i høve til to pågåande teologiske problemstillingar. Den eine er tilhøvet til den liberale teologien, og den andre er debatten kring korleis ein skal forhalde seg til andre religionar.

Som vi tidlegare har sett, er det mellom anna forståinga av kven Kristus er og kva rolle han har, som er noko av striden si kerne i den kyrkjelege debatten på 1920-talet. Ording avviste mellom anna jomfrufødsel og Jesu lekamlege oppstode.⁵¹ Ved at Arne Moen så tydeleg tar for seg kven Kristus er og kva han har gjort, tek han avstand frå dei som forfektar ein liberal teologi.

På byrjinga av 1900-talet vart spørsmåla knytt til korleis ein skulle forhalde seg til andre religionar brennbare.⁵² Som ei førebuing til den store misjonskonferansen i Edinburgh i 1910, vart det sendt spørsmål til misjonærar på mange kontinent og frå mange kyrkjer om korleis dei forholdt seg til andre religionar. Svara som kom inn, varierte. Rapporten Cairns laga uttrykte sympati for andre religionar samtidig som ein fastheldt at trua på Kristus var nødvendig.⁵³ I følgje Wind var det likevel nyansar i korleis tilhøvet til religionane vart forstått. Dei engelsk-talande argumenterte med at Ordet, med referanse til Johannes 1, stadig openberrar seg og er kjelde til det sanne og gode i andre religionar. Som ein analogi til Kristus si oppfylling av lova og profetane (Matteus 5,17), oppfyller⁵⁴ Kristus det sanne og gode i andre religionar. Dei kontinentale teologane derimot såg desse sidene ved andre religionar som restar av ei opphavleg openberring. Denne openberringa vart såleis eit berøringspunkt for den kristne budskapet. Men menneske i andre religionar måtte kallast til omvending og til å bryte med den religiøse fortida si.⁵⁵

50 Tormod Engelsen, "Misjonsteologi og misjonal teologi," i *Missiologi. En innføring*, red. Jeppe Bach Nikolajsen, et al. (Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2022), 59-82.

51 Wisløff, *Norsk Kirkehistorie III*, 3, 156.

52 Timothy Yates, *Christian Mission in the Twentieth Century* (Cambridge: Cambridge University Press, 1994), 24-28.

53 Ibid., 28.

54 Dei nytta her ordet "fulfillment".

55 Wind, A, "The Protestant Missionary Movement from 1789 to 1963," i *Missiology: An Ecumenical Introduction: Texts and Contexts of Global Christianity*, red. A. Camps, L. A. Hoedemaker, M. R. Spindler og F. J. Verstraalen (Grand Rapids, Mich: Eerdmans, 1995), 237-262, 245

Generalsekretær⁵⁶ i NMS frå 1889-1920, Lars Dahle, var utsending til konferansen i Edinburgh.⁵⁷ Dahle var ein sterk og markant leiarsmann av NMS,⁵⁸ og det er grunn til å tru at også erfaringane hans frå misjonskonferansen i Edinburgh var med på å prege dei ti siste åra hans som generalsekretær. Det er også naturleg om desse erfaringane direkte og indirekte var med på å prege både andre lærarar og det som vart undervist ved Misjonsskolen i desse åra. Sjølv om Dahle var blitt 77-78 år då Arne Moen tok til på studiet i 1920, underviste Dahle også dette kullet i starten av studiet deira.⁵⁹ Det er difor sannsynleg at Arne Moen kjende til debatten som føregjekk i Edinburgh i 1910. Sjølv om Arne Moen ikkje drøftar den nemnde problemstillinga i preika si, så slår han tydeleg fast at Kristus er einaste vegen til frelse. Med det posisjonerer han seg også i dette spørsmålet.

Misjonen sitt oppdrag

Arne Moen er tydeleg på kva som er hans og misjonsfolket sitt felles oppdrag: «Saa staar vi sammen i dette: Vi forkynder Kristus.» Fokuset er på forkynninga av evangeliet om Jesus Kristus. Sunquist peikar på at på 1800-talet var motivasjonen for kristen misjon først og fremst Jesu befaling. Som ei lydnadshandling, og som eit uttrykk for Guds kjærleik, ville kristne reise til andre delar av verda for å formidle evangeliet til menneske som ikkje hadde høyrte det enno.⁶⁰ Haraldsø framhevar også at forkynninga var det primære middelet i misjonsarbeidet. Samstundes peikar han på at skulearbeidet vart viktig på 1900-talet.⁶¹ Sjølv om det også hadde vore innslag av diakonal verksemd tidlegare, hevdar Sunquist at det var først med moderniteten at sosiale grunnar for misjonsarbeidet vart tydelege.⁶²

Ein annan stad i preika seier Arne Moen det slik: «Men alle har vi et maal: at gjøre mennesker lykkelige for tid og evighet.»

Moen spesifiserer ikkje nærare kva han legg i dette, men han utdjupear kva det ikkje er:

Hva er midlet vi skal række hedningerne til frelse? Er det moralske lover? Eer det europæisk kultur? Det er mange i vor tid som anser dette sidste for at være den

56 Til 1916 var nemninga sekretær, deretter generalsekretær. Jørgensen, «De første 100 år», 96.

57 Jørgensen, «De første 100 år», 97.

58 Ibid., 91-97

59 Birkeli og Strand, *Kallet og veien*, 110.

60 Scott W. Sunquist, *Understanding Christian Mission: Participation in Suffering and Glory* (Grand Rapids, Mich: Baker Academic, 2013), 110.

61 Brynjar Haraldsø, *Kirke og misjon gjennom 2000 år: Allmenn kirke- og misjonshistorie*, (Oslo: Lunde forlag, 1997), 272

62 Sunquist, *Understanding Christian Mission*, 110.

bedste hjælp til hedningefolkene. Men jeg tænker nogen hver av os synes dette middel er fattigt, naar det gjælder sjælenes frelse. Dere som er her, og de mange, mange utover Norges land som arbeider for hedningernes frelse, synes jeg høre si: Vi har bare ett bud at sende, bare ett middel til frelse for syndere. Og det er det samme som for Paulus: Kristus – ordet om Kristus.

Arne Moen tar med disse orda avstand frå det Berentsen kallar for «Misjon i sivilisasjonens teneste».⁶³ Berentsen trekker fram Harnack som ein tydeleg representant for dette synet.⁶⁴ Fleire stemmer innan den historiske liberale teologien grunn gav misjon ut frå tenkinga om kristendommen som den høgast utvikla religionen. Men også ei optimisme på vestleg kultur sine vegne.

Bosch hevdar at der liberale og konservative skilde lag var i målet med misjon. Medan nokre hevda at målet med misjon var å føre menneske til Kristus og evig frelse, var andre meir opptekne av skapinga av ein evangeliesentrert sivilisasjon og fordelane det vil gje til samfunnet.⁶⁵ I følge Bosch var ein av dei mest brukte bibeltekstane i misjonssamanheng rett etter første verdskrigen orda av Jesus i Johannes 10,10: «Eg er komen for at de skal ha liv og overflod.» Newbigins hevdar at overflod vart tolka som overflod av det gode som moderne utdanning, helsevesen og jordbruk kunne tilby for naudstilte menneske.⁶⁶

Arne Moen har fokuset på Kristus. Tilsynelatande ser det difor ikkje ut til at han er prega av desse internasjonale trendane. Tvert imot avviser han at det er europeisk kultur og moralske lover som skal formidlast. Samtidig er det også tenkeleg at også han var, som andre vestlege misjonærar, var blind for sin eigen etnosentrisme og ureflektert tok med seg sine egne verdiar og idear.⁶⁷

Kallet til teneste

Som vi allereie har sett vektla Arne Moen at kallet til teneste og oppdraget gjeld alle: «Saa staar vi sammen i dette: Vi forkynder Kristus.» og «Vi arbeider hver paa vor maate i missionstjenesten.» Dei som er heime deltar med andre ord i oppdraget. Som

63 Thor Strandenæs, «Gudstjeneste og misjon,» i *Missionologi i dag*, red. Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsen, and Knud Jørgensen (Oslo: Universitetsforlaget, 2004), 119-21.

64 Berentsen viser til boka *Kristendommens vesen*. Eg finn ikkje boka på norsk, men i engelsk og tysk utgåve. Engelsk: Adolf von Harnack, *What is Christianity?*, Das Wesen Des Christentums (Philadelphia: Fortress, 1986).

65 David J. Bosch, *Transforming Mission. Paradigm Shifts in Theology of Mission*, Twentieth Anniversary Edition red., vol. 16, American Society of Missiology Series (Maryknoll, New York: Orbis books, 2011), 304.

66 Lesslie Newbigin, *The Open Secret. Sketches for a Missionary Theology* (Grand Rapids, Mich: Eerdmans, 1978), 103.

67 Bosch, *Transforming Mission*, 16, 301.

Arne Moen seier det: «Vi [...] går som sendebud i Eders sted». Og: «Saa staar jeg her i dag – færdig til at gaa ut med dette store bud fra dere. Jeg er glad og lykkelig over at faa være sendebud.» Dei som er heime er med på å bringe Kristus «ut til hedningene.» Arne Moen vektlegg også det personlege kallet. Her nyttar han Paulus, forfattaren av

preiketeksten i 1. Korinterbrev, som førebilete. Først peikar han på at Paulus hadde hatt eit personleg møte med Jesus Kristus. Dette møtet snudde opp-ned på Paulus sitt liv. Så stiller han spørsmål ved om Guds folk i dag har den same trua på Jesus Kristus. Ikkje lenge etter i preika formidlar han to viktige hendingar i sitt eige liv. Hendingar som han, i følgje han sjølv, klynger seg til «naar tvil og forsakthet melder sig.»

Den første hendinga var den gongen han møtte Jesus. Dette skildrar han som den største dagen i livet sitt:

En dag da sorgen laa tung over mit unge liv. Jeg hadde set frelseren før, møtt ham ogsaa, men altid gaat ham forbi. Nu bøiet jeg mig for ham, og fik opleve ham som min frelser. Aa, for en dag – den største i mit liv.

Han seier så at han hadde eit anna stort møte med Jesus: «Da ga eg ham mit ja paa at eg var villig til at gaa som sendebud i hans sted. Morgenens efter blev ansøknings skrevet til Det Norske Misjonsselskap.»

Arne Moen hadde ei klar forståing av at Gud hadde leia han dit han var komen. Han brukte ikkje ordet kall eller misjonskall, men omtala seg sjølv som eit sendebod. To personlege møte med Jesus hadde endra og bestemt livsvegen hans. Det er også desse møta som motiverer han til teneste. Slik eg tolkar Arne Moen ynskjer han at alle menneske skal få personlege møte med Kristus, og på den måten også få tent gløden til å få vere med og bringe evangeliet ut til andre:

Jeg skulde ønske at nogen av dere ved dette vitnesbyrd kunde ha blit mere glad i Kristus end før. At det kunde være tak i din sjæl for at ogsaa du faar lov at tro at du eier Kristus som din frelser. Og saa at denne tak kunde bli til glød i dit hjerte eftar at faa bringe Kristus ut til hedningene.

Vektlegginga på det personlege møtet med Jesus er i tråd med forkynning prega av vekkingskristendomen.⁶⁸

Samtidig som oppdraget gjeld alle, er det tydeleg at nokre får kallet til å vere sendebod og reise til andre stader. Arne Moen omtaler den tenesta han og dei andre misjonsprestane skal inn i som ei teneste der dei gir sine liv der ute. Med andre ord oppfattar han dette kallet som livslangt. Tjelle peikar på at dette var eit rådande ideal på 1920-talet.⁶⁹

68 Oftestad, Rasmussen, and Schumacher, *Norsk kirkehistorie*, 252-56.

69 Tjelle, “Rammer for misjonsprestens profesjonsutøvelse.”

Med evangeliet til heile den ikkje-kristne verda

Fleire gonger i preika er det formuleringar som speglar ei forståing av at misjon var noko som føregjekk frå sør til nord, frå den kristne til den ikkje-kristne delen av verda. Han talar om «hedningefolkene», «derute» og «missionsfolket herhjemme.» I preika siterer han ei gammal kone som hadde helsa han med «Du maa hilse hedningerne fra mig, at det er bare en som kan frelse, og det er Jesus.» Desse utsegnene kan spegle ei forståing som Engelsviken skildrar slik: «Misjonen ble forstått som det kristne Vestens ansvar overfor de fargede hedningfolk i andre verdensdeler; den ble sett på som en «erobring» av områder som ennå ikke var kristnet».⁷⁰ Denne forståinga var tydeleg uttala på Edinburgh-konferansen i 1910. Hovudtemaet for konferansen var “Carrying the Gospel to All the Non-Christian World”.⁷¹ Ifølgje Wind oppfatta ein verda som delt inn i den siviliserte kristne vesten og den ikkje-kristne resten. Rapporten slo fast at målet med kristen misjon var å kristne heile den ikkje-kristne delen av verda med vestleg kultur og den vestlege kyrkja som modell.⁷² Som tidlegare argumentert for, er det naturleg at undervisninga ved Misjonsskolen var prega av impulsar frå misjonskonferansen i Edinburgh. At også Arne Moen bar med seg ei forståing av at han var med på å bringe evangeliet frå nord til sør, er naturleg. Ei slik oppfatning var nok gjeldande til slutten av 1900-talet. Dagens misjonsforståing legg derimot til grunn at kristen misjon føregår på kryss og tvers mellom ulike kontinent og land, og at kristendomens tyngdepunkt ikkje lenger er i vesten.⁷³

Årsrapport frå Innlandet sør, Madagaskar 1953

Årsmeldinga for Madagaskar Innland, Sørkretsen 1953, er datert 5. mars 1954. Som vi har sett var arbeidet på Madagaskar frå 1933 delt inn i tre hovudkrinsar. Innlandskrinsen var delt i to; Sørkrinsen og Nordkrinsen. Misjonærkonferansen var den øvste autoriteten i krinsen, og misjonærkonferansen valde tilsynsmann for krinsen.⁷⁴ Årsmeldinga som blir analysert i denne artikkelen skreiv Arne Moen då han var tilsynsmann for Innlandskrinsen sør. Samla sett var innlandskrinsen den

70 Tormod Engelsviken, “Misjonstenkningen fra 1900 til vår tid,” i *Missiologi i dag*, red. Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsviken, and Knud Jørgensen (Oslo: Universitetsforlaget, 2004), 136.

71 Wind, “The Protestant Missionary Movement,” 244

72 Ibid., 244

73 Ingunn Folkestad Breistein and Kristin Norseth, “Historiske perspektiver på norsk misjon,” i *Missiologi. En Innføring*, red. Jeppe Bach Nikolajsen, et al. (Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2022), 167.

74 Aano, “Madagaskar i krig,” 356. For utfyllande informasjon om valet av tilsynsmenn og tilsynsmennene sine oppgåver, sjå Tjelle, “Rammer for misjonsprestens profesjonsutøvelse.”

største av dei tre krinsane både når det galdt arbeidsinnsats og økonomi.⁷⁵ Krinsane var igjen delt inn i distrikt. Eit distrikt bestod av fleire prestegjeld med kvar sin prest. Misjonsprestane var ofte leiarar av eit distrikt, såkalla distriktssstyrarar. Denne årsmeldinga er skriven på bakgrunn av innsendte årsmeldingar og statistikkar frå alle distrikt og arbeidsgreiner i krinsen.⁷⁶

Årsmeldinga rører ved fleire tema som seier noko om tilhøva for misjonsarbeidet på Madagaskar, misjonsstrategien NMS arbeidde etter, og kva Arne Moen som tilsynsmann vektla. I denne analysen vil eg i hovudsak fokusere på og sjå nærare på korleis denne årsmeldinga speglar misjonsstrategien på Madagaskar, prosessen med sjølvstendigjeringa av den gassisk lutherske kyrkja samt problemstillingar knytt til det Arne Moen karakteriserer som heidenskap samt tilhøvet til styresmaktene.

Misjonsstrategi

I eit av avsnitta i årsrapporten nemner Arne Moen dei ulike arbeidsgreinene, og med det gir han også eit innblikk i kva det blir brukt tid og krefter på i arbeidet:

Vi kan ikke melde om store landevinninger i året som gikk, det gjelder både på den inder og den ytre fronten. Det er nok ikke få som ønsker fornying av sitt kristenliv og vekkelse i menighetene, og ber om dette. Hittil kan vi ikke melde om akkurat vekkelse. Men Guds gjerning ved kirken fikk fortsette om enn i det stille. Det daglige arbeid i menigheter og skoler, i foreninger og komiteer, besøk i heimer og på sykehus, gudstjenester og andre møter søndag etter søndag og på mange, mange hverdager,- i sannhet store ting at alt dette også i året som gikk, fikk være en virksom surdeig i folkets liv.⁷⁷

Mykje av det Arne Moen her nemner er knytt til lokalt kyrkjelydsarbeid. Den primære oppgåva for misjonærane på Madagaskar hadde heilt frå starten vore forkynninga og det kyrkjelydsbyggande arbeidet. Sentralt i dette var gudstenestefeiringa.⁷⁸ Arne Moen trekker her fram det jamne arbeidet som held fram i det stille, og han seier at dei ikkje akkurat kan melde om vekking.

Aano hevdar i sin omtale av Innlandskrinsen på byrjinga av 1950-talet at både årsrapportar, brev og artiklar i Norsk Misjonstidende i åra før og etter 1950 er fulle av gledelege meldingar om at det er stor framgang og vekst i Innlandet, og at dette hadde

⁷⁵ Aano, "Madagaskar i krig," 355.

⁷⁶ "Referat fra den andre ordinære norske felleskonferanse på Madagaskar Antsirabe den 7. mars - 25. mars 1954," (1954), 8.

⁷⁷ Ibid.

⁷⁸ Jørgensen, "De første 100 år," 61-62.

sitt utspring i ei stor vekking som starta i 1946-47.⁷⁹ Men i følge Arne Moen har året 1953 vore eit «nokså alminnelig arbeidsår under arbeidsvilkår som også stort sett er vanlige for kretsen.»⁸⁰ Det kan vere at den store vekkingsbølga no var over, eller at Arne Moen ikkje tolkar det som har skjedd som uttrykk for ei vekking. Ein annan stad i rapporten skriv han nemleg at «Totalinntrykket blir da at arbeidet i kretsen også for 1953 gjennomsnittlig kan notere adskillig innhøstning og vekst. Tallet på menigheter stiger fra år til år, kristenflokken og nattverdmenigheten vokser, og kirkesøkningen øker»⁸¹ Han hadde sjølv erfaring med å stå midt i dei store vekkingane på Austkysten på slutten av 1930-talet, og kanskje samsvarte ikkje det han no erfarte med tidlegare erfaringar.⁸² Ulike vekkingar har utan tvil spelt ei stor rolle i misjonsarbeidet. Dette har derimot ikkje vore initiert av misjonærar, men er rørsler som har sprunge ut frå gassiske einskildpersonar.⁸³

I tillegg til det kyrkjelydsbyggande arbeidet er det tydeleg både i denne oppsummeringa og i rapporten forøvrig at skulearbeidet har ein sentral plass i arbeidet. Arne Moen gir ein annan stad i årsrapporten ei grunngjeving av satsinga på skulearbeidet: «For å hjelpe på den alminnelige folkeopplysning ute på landsbygdene, og for kristen undervisning og oppseding for både kristne og hedenske barn.»⁸⁴ Jørgensen skriv at opplæring og skulearbeid stod sentralt heilt frå byrjinga av arbeidet på Madagaskar, og at store økonomiske og personellmessige ressursar tidleg vart sett inn i dette arbeidet. Haraldrød peikar på at å satse på skulearbeid på 1900-talet var ein utbreidd misjonsstrategi. Ved å satse på brei utdanning frå elementærutdanning til universitets- og høgskulenivå ville ein nå menneske som også ville bli sentrale personar i samfunnslivet.⁸⁵

Størsteparten av skuleinnsatsen på Madagaskar vart gjort inn mot grunnskulenivå. Som Rosnes har peika på, vart skulearbeidet sett på som essensielt i misjonsarbeidet. For å kunne bli rotfesta kristne, måtte gassarane kunne lese Bibelen på sitt eige språk.⁸⁶ Men det var ikkje berre undervisning på grunnskulenivå. Dei hadde også skular for vaksne, og særleg undervisning for dåpskandidatar. Det vart også gitt ulike former for

79 Aano, «Fridomskravet vaknar», 367-68.

80 «Referat felleskonferanse», 8.

81 Ibid., 9.

82 Nakkestad, *Med smil i gråt*, 115-16.

83 Jørgensen, «De første 100 år», 125-26; Aano, «Fridomskravet vaknar», 367-68. For ei innføring i vekkingsrørsla si historie, sjå Hans Austnaberg, «Shepherds and Demons: A Study of Exorcism as Practised and Understood by Shepherds in the Malagasy Lutheran Church», *Bible and theology in Africa* (New York: Peter Lang, 2008), 42-45.

84 «Referat felleskonferanse», 10.

85 Haraldsø, *Kirke og misjon gjennom 2000 år*, 272.

86 Ellen Veia Rosnes, «Protestant and French Colonial Literacies in Madagascar in the Early Twentieth Century», i *Empire and Education in Africa: The Shaping of a Comparative Perspective*, ed. Peter Kallaway and Rebecca Swartz, *History of Schools and Schooling* (New York: Peter Lang AG, 2016).

praktisk undervisning, dei hadde lærarskular og medisinskule.⁸⁷ Det framgår av rapporten at lærarmangel gjer at ein ikkje er i stand til å starte opp med så mange klassar som ein ynskjer på elementærnivå, og at ein nokre stader har måtta legge ned klassar. Arne Moen er tydeleg på at det hastar med å få på plass ein lærarskule i Fianarantsoa som fører fram til høgare eksamen.⁸⁸ I følgje Aano er skulearbeidet i heile 40-åra og byrjinga av 1950-åra i ei krise. Krisa er både knytt til dårleg økonomi som fører til lærarmangel – og til stadige endringar av skulelova.⁸⁹

Det framgår også av rapporten at opplæring av kyrkjelege arbeidarar vart vektlagt. I følgje årsrapporten manglar heile 64 kyrkjelydar katekistar, og søndagsskulen ligg nede mange stader. Fleire stader er det også prestemangel. Vekst kravde fleire som kunne bidra i opplæringa. Ein vektla difor utdanning av både katekistar, bibelskule og kurs for utdanning av kvinnelige kyrkjelydsarbeidarar, samt diakonissekurs. Og fleire kyrkjelydar kravde fleire prestar. Så presteskulen på Ivory i Fianarantsoa var svært viktig.⁹⁰

Sjølvtendiggjeringa av Den gassisk lutherske kyrkja

Det står ikkje mykje i rapporten som direkte omhandlar sjølvtendiggjeringa av Den gassisk lutherske kyrkja, men eg vil stoppe ved nokre utsegner og tema Arne Moen tar opp som rører ved dette.

Det går fram av årsrapporten at 1953 var eit historisk år for den gassisk lutherske kyrkja:

Den første generalsynoden etter den nye kirkeordningen hadde sin samling i Fianarantsoa i april, og var meget god i alle måter. Den nye synoden ble altså åpnet på samme sted som siste synodemøte etter den gamle ordning var samlet 50 år tilbake, i 1903. Presten R. Manoela ble valt til Synode-President.⁹¹

Arne Moen viser her til eit synodemøte i Fianarantsoa i 1903. Det var det andre synodemøtet etter at det var utarbeidd ein plan for ein samla demokratisk kyrkjestruktur for ei sjølvtendig kyrkje. Men på si inspeksjonsreise til Madagaskar i 1903 deltok generalsekretær i NMS, Lars Dahle, på synodemøtet i Fianarantsoa. Der stoppa han kyrkjestrukturen som hadde blitt vedtatt året før.⁹² Han argumenterte med at gassa-

87 Jørgensen s. 63

88 "Referat felleskonferanse."

89 Aano, "Den vanskelege overgangen," 393.

90 Jørgensen, "De første 100 år," 129-31.

91 "Referat felleskonferanse," 10.

92 Hovudstyret støtta Dahle i 1904. Jørgensen, "De første 100 år," 123.

rane måtte vere sjølvhjelpne økonomisk før dei kunne bli ei sjølvstendig kyrkje.⁹³

Spørsmålet om sjølvstyre var sentralt i tiåra som følgde. Madagassarane pressa på for auka sjølvstyre. Heimeleiinga i NMS heldt igjen og ville ikkje gje for mykje makt til dei lokale. Misjonærane på si side prøvde å komme med kompromissordningar. Som eit steg i retning sjølvstende, vart det i 1912 etablert ein rådgjevande komité, Comité Mixte – den blanda komiteen, som bestod av både gassiske valde representantar og misjonærar.⁹⁴ I 1927 vart det etablert ein kyrkjekonferanse i Innlandskrinsen ved sida av misjonærkonferansen som skulle bestå av misjonærar samt gassiske representantar frå dei distrikta og årsmøtekrinsane som hadde oppnådd økonomisk sjølvstende. I 1933 vart denne avgjerda mjuka opp noko ved at distrikta kunne få vere med i kyrkjekonferansen så sant dei stod for 2/3 av sjølvhjelpa. Først i 1943 vart det etablert kyrkjekonferanse på Vest-Madagaskar, og i 1944 på Aust-Madagaskar.⁹⁵

I krigsåra stoppa den økonomiske støtta frå Noreg opp, men gjennom krigsåra viste kyrkja på Madagaskar at dei i stor grad kunne greie seg på eiga hand.⁹⁶ Mellom anna difor blussa debatten om sjølvhjelp og sjølvstyre opp igjen. Fridtjof Birkeli hadde i tida si på Madagaskar under krigen utarbeidd eit forslag til kyrkjestructur,⁹⁷ og det hadde allereie i 1939 vore samtalar mellom dei ulike lutherske misjonsorganisasjonane om danninga av ei sjølvstendig madagassisk kyrkje. Trykket frå heimeleiinga i både NMS og dei amerikanske misjonsorganisasjonane bidrog til at prosessen brått gjekk raskt. I november 1950 var 44 gassarar og 25 misjonærar samla til den første generalforsamlinga og konstituerte Den gassisk lutherske kyrkja.⁹⁸ Og i årsrapporten frå 1953 kan vi altså lese at den første generalsynoden hadde funne stad i Fianarantsoa 50 år etter møtet i 1903.

Som det han kallar eit mørkt trekk i årsmeldinga, trekker Arne Moen fram den såkalla Mahamanina-saka. Denne saka skildrar Aano som ei «testsak for den kyrkjelige fridomen.»⁹⁹ Arne Moen skriv mellom anna dette i årsrapporten:

Det har ikke vært lett for Fianarantsoa distrikt og for misjonen å være så sterkt engasjert i denne opprivende striden. Retts-saken som de utelukkede i Mahamanina tvang oss inn i, førte i juni måned til en foreløbig avspenning idet domstolen i Fianarantsoa ikke ga klagerne medhold i de grove beskyldningene for underslag av store pengebeløp i årene 1939-42 og 1948-50. Men presten Razafimandimby ble

93 For debatten kring sjølvhjelp, sjå Tjelle, “Rammer for misjonsprestens profesjon-sutøvelse.”

94 Jørgensen, “De første 100 år,” 123.

95 Aano, “Den vanskelege overgangen,” 355.

96 Ibid., 358. Aano, “Fridomskravet vaknar,” 369.

97 “Fridomskravet vaknar,” 370-71.

98 Ibid., 372-73.

99 Aano, “Den vanskelege overgangen,” 377.

dømt til å erstatte 7 planker som skulle være forsvunnet.

I følge Aano byrja striden i kyrkjelyden Mahamanina i Fianarantsoa i 1951. Striden vart utløyst av gjensidige klager om økonomisk utruskap. Distriktskomiteen i kyrkja søkte å løyse striden, men dei gav opp og spurte misjonærane om hjelp. Misjonærane sa ja til å bistå. Aano skriv: «Misjonærane sette seg etter beste evne inn i saka, og valde etter vanleg framgangsmåte å støtta den parten dei meinte hadde retten på si side. Men den andre sida kjende seg foruretta av det og ville ikkje godta denne løysinga.»¹⁰⁰ Som Arne Moen også skriv vart avgjerda i domstolen i Fianarantsoa anka, og den gjekk etter kvart heilt til høgsterett. Mange menneske vart trekt inn i saka.

Medan Arne Moen i 1954 brukar orda «ikke vært lett», karakteriserer Aano i etterkant denne saka som tragisk for misjonærane. Saka kravde tid og krefter i mange år. Han hevdar at det var først på slutten av 1980-åra at bølgiene frå denne saka hadde lagt seg nokolunde til ro. Aano karakteriserer vidare denne saka som ei prøve som misjonærane ikkje bestod. Sjølv om kyrkja hadde blitt sjølvstendig greidde ikkje misjonærane å la vere å gripe inn. Denne saka førte og til at det oppstod ei usikkerheit mellom leiinga i kyrkja og misjonærane.¹⁰¹ Denne saka kan kanskje illustrere Bosch sitt poeng når han seier at velvilleg paternalisme kan vere eit hinder for å nå målet om å etablere sjølvstendige kyrkjer.¹⁰²

Ei tredje og siste utsegn frå årsrapporten som djupast sett rører ved sjølvstendiggjeringa av kyrkja, er det Arne Moen skriv etter at han har omtalt visitasane: «Vi må snarest mulig få alt visitasmateriale i gassisk språkdragt, og selvsagt også visitasmeldingene.»¹⁰³ Her påpeikar han det urimelege at norske misjonærar skal visitere gassiske kyrkjelydar og at rapportane dei skriv i etterkant ikkje skal vere tilgjengelege for dei det gjeld.

Kampen mot heidenskapen

Tidleg i rapporten skildrar Arne Moen det han kallar for «hedenskapets mur». Han deler heidenskapen inn i to kategoriar. I den første, «uovervunne hedenskap» plasserer han tradisjonelle gassiske praksisar som omskjeringsfestar og likvendingsfestar og andre utslag av fedredyrkinga. På grunn av at gassarane er så slektsbevisste uttrykker han også at desse tradisjonelle praksisane er ein fare også for «våre kristne». Mange han kallar «perifere kristne» følgjer slektningane sine så langt dei kan utan å bli utelukka frå kyrkja. Denne forma for heidenskap leier over i det han kallar «hedenskap i grovere og mildere former». Dette foregår «mer eller mindre åpenlyst hos kirkens medlemmer.» Her plasserer han det han kaller usadelighet, tjuveri, løgn og bedrag. I tillegg trekker han fram «den kolossale stigning i import og forbruk av rusdrikk i alle former.»

100 Ibid.

101 Aano, «Fridomskravet vaknar», 378.

102 Bosch, *Transforming Mission*, 16, 301.

103 «Referat felleskonferanse.»

Desse utsegnene av Arne Moen rører både ved spørsmål knytt til religion, kultur og verdsbilete. Det han karakteriserer som «uovervunne hedenskap» er tett knytt til tradisjonelle gassiske religiøse praksisar.¹⁰⁴

Han bruker også lys og mørke som metaforar. På den eine sida er mørkret: «Det er enda så mørkt i mang en landsby, for vi har ikke rukket frem til dem med evangeliet.» På den andre sida er den kristne kyrkjelyd berar av lyset: «Den er lyset i slektens liv.» I følge Skeie er lys-mørke metaforen gjerne brukt av misjonærar når dei skildrar arbeidet dei står i.¹⁰⁵

Men det er også tydeleg at Arne Moen ber med seg si eiga kulturelle forståing i møte med dette. Mellom anna er det tydeleg at han er negativ til det auka inntaket av rusdrikk. Utan at eg kan slå det fast, vil det vere naturleg om Arne Moen sjølv er fråhaldsmann. I løpet av slutten av 1800-talet i Noreg var avhaldsrørsla blitt ei stor folkerørse, og det var om lag sjølvstendig at vedkjennande kristne skulle vere avhaldne frå alkohol.¹⁰⁶ Som Wisløff skriv vart avhaldssak kyrkjesak.¹⁰⁷

I følge misjonærinstruksen skal misjonæranne praktisere kyrkjetukt. Ja, §11 i misjonærinstruksen slår fast at «Kirketukten vies særleg omsorg.»¹⁰⁸ Ut frå det Arne Moen skriv gjer mange «perifere kristne» kalkuleringar om kor langt dei kan gå før det dei gjer fører til at dei blir utestengde. Arne Moen peikar på utfordringa som ligg i dette «lunkne og halve», og han viser med det eit underliggende ønske og ideal om at kristne skal leve eit reint liv og ikkje vingle mellom tradisjonell religion og kultur og det nye livet som kristne.

Tilhøvet til styresmaktene

Arne Moen skriv at «Med takk sømmer det seg også å nevne at forholdet til myndighetene var godt.» Dette er ikkje sjølvstendig, og gjennom dei nærare 90 åra NMS hadde hatt arbeid på øya, hadde tilhøvet til styresmaktene vore vekslende. Andre verdskrigen gjorde at synet på europearar endra seg, og til liks med andre stader, var den rådande kolonistrukturen i ferd med å rokkast. Nasjonalkjensla hadde vakse, ein hadde fått internasjonale impulsar frå fridomskampar andre stader i verda, og heimvende soldatar møtte kolonikvardagen igjen.¹⁰⁹ I 1947 braut det ut eit stort opprør der målet var å få franskmennene ut av landet og skipe eit sjølvstendig Madagaskar. Opprøret vart brutalt slått tilbake av dei franske koloniherrane. Brutaliteten frå begge sider gjekk

104 Maurice Bloch, *Placing the Dead: Tombs, Ancestral Villages, and Kinship Organization in Madagascar*, vol. 1, Seminar Studies in Anthropology (London: Seminar Press, 1971).

105 Skeie, «Misjonsmateriale som historisk kilde», 91.

106 Wisløff, *Norsk kirkehistorie III*, 3, 289-90.

107 Ibid., 215.

108 *Instruks for Det Norske Misjonsselskaps Misjonærer*, §11, s. 6.

109 Aano, «Fridomskravet vaknar», 366.

også ut over misjonærar, kyrkjelege arbeidarar, kyrkjer og misjonsstasjonar. Som Aano skriv: «Både opprøret og statsmaktene sine represaliar førte til store lidningar for store delar av folket.»¹¹⁰

§ 14 i Misjonærinstruksen slo fast at «Misjonærene må avholde sig fra all innblanding i vedkommende lands politikk og andre stridigheter.»¹¹¹ Etter opprøret i 1947 vart denne instruksen opplevd problematisk for fleire misjonærar. Samtidig hevdar Aano at instruksen fungerte som eit vern for misjonærane og «prov på at dei var upartiske og rettvis i si framferd.»¹¹² I si drøfting av tilhøvet mellom misjon og politikk, vektlegg Bondevik å vurdere kva som til ei kvar tid tener folket best. Nokre gonger vil det måtte bety å stå opp for styresmaktene. Andre gonger å teie.¹¹³

Berre nokre år etter at Arne Moen skreiv denne årsrapporten, vart Madagaskar sjølvstendig igjen. 26. juni 1960 fekk Madagaskar full fridom frå Frankrike.¹¹⁴

Han er med

Som Skeie påpeikar, er det vanleg at misjonærane rammar inn såkalla «beretningar» med det ho skildrar som «religiøse refleksjoner», gjerne knytt til bibelvers. Dette er ein misjonærrapport, men også mange av dei er ramma inn av refleksjonar kring eit eller fleire bibelvers.¹¹⁵ Arne Moen rammar inn misjonærrapporten sin med forteljinga om Emmausvandarane i Lukas 24. Han refererer til ein treskurd av Emmausvandarane der kunstnaren har gjengitt Lukas 24,15 «i sammentrengt form og med verbet i klar presens: Han går med eder.»¹¹⁶ Som ei innleiing til rapporten frå 1953 set han verbet i fortid og peikar på at han var med i vanskar og utfordringar gjennom året som er gått: «Han gikk sammen med oss på vegen. Det var vansker og skuffelser, ja, ofte gikk bølgene høgt og misssmot ville sige inn over oss.» Men han held også fram at han var med i det som gjekk godt: «Han gikk med oss når det var medvinns bør, når vi kjente at signing lå over liv og virke som solvirkning en sommerdag.» Og så slår han fast at

110 Ibid., 365.

111 *Instruks for Det Norske Misjonsselskaps Misjonærer*, §14, s. 8.

112 Aano, «Fridomskravet vaknar», 366.

113 Odd Bondevik, «Misjon og politikk», i *Missiologi i dag*, red. Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsen og Knud Jørgensen (Oslo: Universitetsforlaget, 2004), 280.

114 Sigurd Edland, «Den politiske frigjeringa skaper drastiske endringar i misjonen og kyrkja sitt liv. 1960-1972,» i *I tro og tjeneste. Det Norske Misjonsselskap 1842-1992*, red. Torstein Jørgensen (Stavanger: Misjonshøgskolen, 1992), 401.

